

bokselskap.no, 2015

Oskar Braaten: *Sorgenfri*

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1914 (Olaf Norlis Forlag, Kristiania).

Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-225-4 (digital, bokselskap.no, 978-82-8319-226-1 (epub), 978-82-8319-227-8 (mobi)

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Oskar Braaten

Sorgenfri

bokselskap.no

Oslo 2015

[Konge for ein dag](#)

[Den store sonen](#)

[Det siste rundkaste](#)

[Faderglede](#)

KONGE FOR EIN DAG

I.

Denne soga tar til ein raakald, halvmyrk, september-ettermiddag. Regne piskar mot rutune i det vesle, gulmaala einetasjes trehuse, der gamleheimen «Sorgenfri» held til. I eitt av roma – det nærast porten – bur seks gamlingar. Og dei hutrar og frys i den vaatkalde eftan.

I senga nærast døra ligg ein syttiaars, liten turr mann. Andlite hans er gult og skrukkut med ein lang spiss nase. Det er han «Henrik i senga». Dei kallar han so avdi han sjeldan orkar vera uppe or dynune. I senga ved sida ligg ein [8] mann

fullt paaklædd uppaa teppe. Han har eit stort hovud med kraftig panne. Men kroppen er liten og skrinn. Haare hans er veldugt og fløymer i lange krullar ned paa puta. Men skjegge er tunt og stivt. Han ligg og stirer upp i take i djupe tankar. I eine handa held han ein lang, nyspissa blyant. I den andre eit papir, overkola med ord paa langs og paa tvers. Dette er Julstrup, «Diktaren», han som ein gong for lange, lange tider sidan var kopist i eit kongelegt norsk departement, men som no liver sine siste dagar paa «Sorgenfri», og kortar tida med aa dikte visur um mord og brand og andre forvitnelege hendingar. Han «Petter Loppa», sirkuskunstnaren, mannen med alle dei spanande forteljingane fraa live der ute i Europa, sit og duppar over gamle papir, brev skrivne med damehand paa roseraudt papir, og kontrakter med mange tal i, paa store ark. – Ein liten veik tusling, bøygd i rygg og kne, tassar att og fram millom sengjene. Han har nokre faa, ljosraude haar ved øyro og i nakken. Augo hans er smaa og saare, nasen lang og hengjande, haka spiss og framstaa-ande. Han tygg idugt og fort paa dei tannlause gummane, og kniser ved seg sjølv alt i eitt, og ristar paa hovude. Men det er ingen som bryr seg um kva han «Teodor Tull» tar seg til. Og aldri spør nokon kva han lær aat.

[9] Burte ved vindauga sit ein og prøver kike gjennom det vaate glase, medan vatne silar i bekkjer nedetter. Det er han «Anton Graabein». Andlite hans er stort, med grove, djupe strikar. Munnen er brei med tjukke lippur, tennene gule og sterke, utan flekk eller lyte. Ein tjukk skiten islending^[1] sit i skrukkur nedetter bryst og rygg. Broka er berre halvt paadregi, og selane heng i golve.

For seg sjølv burt i myrkaste roa sit ein mann paa sengekanten. Han er i sytti-aara han og, men ser yngre ut. Kroppen hans er spinkel og grann, men vent bygd. Han er rak i ryggen, og paa det vene hovude sit haare tett og brunt, utan islætt av graatt. Det som ein fyrst legg merke til i andlite er det flotte skjegge; det heng som ei sidegardin paa kvar kinn. Det er noko daudt i augo hans, og munnen er slapp, med ei litt hangande underlippe. Og nasen er kan hende noko for raud. Denne mannen ber namne «Konsulen». Han sit og les i eit gamalt bilættblad, og ser kje ut til aa eige ein tanke utanum. Han er aaleine med sitt. –

Han Anton Graabein snur seg fraa vindauga og skubbar dei haarute hendene att og fram over bryste, og hustrar: Den som hadde litt i omnen i slikt et vêt! seier han. [10] Det blaaser tvers igjennom kroppen paa en stakkar!

Han Teodor Tull kniser og ristar paa hovude og tygg vidare. Han Henrik i senga dreg teppe betre upp under haka. Men korkje han Petter Loppa eller Diktaren eller Konsulen har høyrte eit ord av det som er sagt. Det skal meir til for aa vekkje dei!

Daa reiser Graabein seg og geispar stort. Og han hiver i broka og slengjer selane over akslene: Skal vi spleise til for fem øre ved, gutter? Det blir jamt et øre paa hver av vors – for du, dikterkongen, er vel blank som vanlig!

Ingen svarar med same. Men so tar det til aa leda seg burte i senga hans Henrik. Han breier teppe vekk og kjem seg paa olbogen. Og han leitar under puta og dreg fram ein liten gul messingdaase. Og han faar upp loke og stikk to av dei beinturre, blaakvite fingrane ned i, og dei grev millom koparskillingar og tobaksbussar og finn fram ein øre. Og han retter den skjelvande handa ut mot Graabein og nikkar byrg: Her er *min* part! seier han. – Ingen skal faa sagt at *han* lurar seg unda, naar det gjeld. –

Men korkje Loppa eller Teodor Tull har noko aa spleise med. Og Graabein lyt prøve Konsulen, um han skulde vera rik: Aassen [11] er det, Konsul? spør han. Vil du ta aktier i denna trelasthandelen vaar?

Konsulen grip i vestlumma: Aa mye koster aktien? spør han og dreg paa smilen. Graabein gjer seg høgtideleg og talar sitt finaste maal: Et øre, min herre! svarar han. Men hvissom hr. Konsulen synes det er for meget, kan han gjerne faa sleppe med aa ta en halv en! – Han Teodor Tull kniser litt høgare en elles. Ja, um det so er Diktaren, so dreg han paa smilen.

Men Konsulen lest ingenting sjaa. Han tar ein tioring upp fraa vestlumma og legg han i handa hans Anton: Ta den! seier han. Han klarer sig vel, den! – Og han tar til aa lesa att der han slapp.

Men Graabein ser paa tioringen. Snur han paa baae sidur og storglanar paa Konsulen att. So legg han neven tungt paa aksla hans: Du er en kjernekar, Konsul! Den som sier no anna, han juger! – Han dreg islendingen betre nedover bryste og finn paa seg ei trøye og gaar mot døra. Men daa han stryk framum han Henrik, bøygjer han seg over han og klappar han paa den blanke skallen: Naa skal du faa varme baade dig sjøl og alle di smaa sengekammeratene dine! seier han. Pust varmt nedigjennom teppe naa, saa holder du liv i dom til jeg kommer igjen! –

[12] Ein times tid seinare er rome godt og varmt. Graabein sit og passar omnen. Hiver kvit, turr granved i gape paa han, so snart logen minkar litt. Paa borde ved døra staar dei tome koppene etter eftaskaffien, som karane nett har slurpa i seg. Burtved vindauga sit Loppa med ei rykande kritpipe inni neven. Og kvar gong han har suge i seg eit drag, glytter han noko paa glase og set truten burtaat opninga og støyter røyken hardt ut. Det er kje lovlegt aa røykje inne. Og ute regner det.

– Men dei andre trøystar seg til skraae – med undantak av han Henrik. Han har gøymt seg under teppe og ligg der og kaldrøykjer paa ei pipe han har grave fram fraa sengehalmen. Han plar stela seg til ein røyk han og, stundomtil. Men det er berre um nætene det, naar dei andre søv. –

Graabein har slengt dei siste vedpinnane i omnen, og har no tid til aa tenkje paa anna. Han geispar og ser seg rundt. – Aa mange er gullure ditt, Konsul? spør han. Mitt staar det, veit du!

Konsulen dreg fram ei gamal, flat sylvklokke: Fem! svarar han. Et par minutter paa fem!

Graabein strekkjer seg. Ikke mer? seier han. Jøss, aa skal en gjøra av sig, denna lange kvelden? – Blade til Konsulen stikk han i augo, og han dumpar ned ved sida av han: [13] Les no morosamt for vors da, Konsul! bed han. So gaar tida *den stønna!*

Konsulen ristar paa hovude: Det er gammalt! seier han. Jeg har lest det for dere hundre ganger før!

Men Graabein er kje tenkt aa sitja og glana heile kvelden. Han er huga paa litt moro, attpaa kaffien og den gode varmen: Fortel ei skrøne da, Loppa! vender han seg til han. – Det gjør 'ke no om vi skjønner du juger, og det er det samma om vi hørt 'a før!

Men Loppa har det for annvint med pipa no: Jeg huser inga i kveld! svarar han. I morra skal du faa saa mange du vil ha! Graabein murrar noko inni seg og blæs mot Loppa. So skottar han paa han Teodor Tull, som gaar der og tygg og gliser. Og han skottar paa Diktaren som stirer i take, og paa han Henrik som har gøymt seg under teppe. Nei, det er inga moro ved dei! Faar nok prøve ein annan stad!

Han dultar til Konsulen, so blade hans dett paa golve: Skal *jeg* fortelle litt,

Konsul? Fra den tida vi lærte aa kjenne hverandre?

Konsulen flytter seg eit stykke fraa han: Jeg vil vera i fred! seier han, utolsam. Set dig paa di eiga seng!

Graabein reiser seg, og no grin han stygt: Omfeladels! hæder han. Jeg tenkte Konsulen og jeg hadde budd saapass under samma tak, ^[14] at vi kunde sitta paa samma sengekanten au, jeg! Men gudbevars! Jeg har seng sjøl – og det lissaa god som di, saa jeg krøsser ikke!

Han slengjer seg hardt ned paa si eiga seng: Du trur vel jeg har *glømt* du, Konsul, fordi om at jeg ingenting har nemt til dom andre! Men jeg huser nok, gutten min, lissaa godt som du! For du har nok ikke glømt du heller, naar det kommer til støkke! Det saa jeg paa dig da du kom hit første gangen. Du blei saa drivande bleik som det hviteste laken, da du kom inn av døra der, for en fem-seks aar siden, og fikk se mig. Du lest ikke merke med no, du. Og jeg sa ingenting. Men helt fra den første gangen du sette foten over dørstokken her, har jeg visst aa jeg har set di raude sidegardinene dine hen før. Og naa kan jeg lissaa gjerne si det, for vi trenger ikke gjøra vors til for hverandre, vi som skal bu i hop til vi sturter! Hør her, gutter! Jeg og Konsulen har budd paa samma hotelle før vi, og det paa et mye flottare en detta. Det ligger forresten ikke saa langt unda, du har det like utafør Grønlands kjerke, og det ligger midt paa ei grøn løkke, og det er høie murer omkring det!ⁿ²

– Dei andre som hadde vore likesæle i fyrsten, ^[15] skvatt no til. Han Teodor gjorde ein liten stans i den endelause marsen og stelte seg framfor forteljaren. Han Henrik drog teppe fraa andlite, og Diktaren la burt papir og blyant. Ja, um det so var Loppa, drog han seg vekk fraa vindauga no. Dette var nok betre ting en ein piperøyk, det!

Men Konsulen hadde vorte endaa mindre en fyrr, der han sat burtpaa sengekanten. Han strauk seg eit par gonger over panna, og handa hans vart vaat av sveite. Han saag paa døra og reiste seg halvt opp, vilde røme ut der. Men gav det upp att, og vart sitjande. Det var inga hjelp i det. Han maatte likevel inn att seinare. Best aa ta det no, so var det overstridd. –

Graabein vart straalande. Det var daa morosamt at *han* og kunde koma med ei historie som sette litt kveik i karane! Ja, ja. Best aa drive paa daa! Han skulde kje stoppe paa halvvegen:

De er 'ke saan aa forstaa, at du ikke er like god kar, for det om du har traadt gæli i ungdommen, Konsul! Men du skulde ikke vera saa *hoven*, gutten min! Det er det vi ikke vil veta av! Jeg hørte dom snakka om aassen du saa ut, da du kom inn av fengselsporten! Aassen du var maja ut med baade diplemat og floss, som om du skulde vera en ^[16] prest eller grosserer og ikke en stakkars høker, som hadde skrivi falskt. Men *det* kan vera glømt, for da var du ung! Men naa er du gammal og innlagt paa «Sorgenfri», og naa kommer du ikke ut herifra, før dom bærer dig til gravlund' eller universitete, gutten min! Saa naa kan du slutte med narrestrekene dine! For det om du pusser støvla dine hver dag og greier haare ditt baade med kam og med børste; og for det om du pusser tenna dine og vasker nevane dine hver gang du har faatt i dig en beta mat, saa blir det ikke finere jord eller grummere medesiner av dig en av vors, far! Naa veit du det, au! – Eller kanskje du tenker aa sleppe laus herifra, du? Jeg hører nok at du holder til hos denna mjelke-enka paa hjørne, at du hogger ved for 'a og slikt, men det kan du nok gi opp, gutten min! Hu er nok ikke saa dum at hu bryr sig om en gammel falsk-skriver i lappete vømmelsbrok og en utvaska busserul, far! Saapass kjenner jeg 'a, jeg au!

Her bynte han Teodor Tull aa storlæ, og Graabein lo med. Og han vilde til aa halde fram med moroa, daa det var ein som stelte seg framfor han. Det var Diktaren som stod der. Han var so sint at han riste. Det store hovude gjekk upp og ned i smaa nikk, og krullane dansa i panna hans. Han sette dei to knytte smaa baanenevane sine upp i andlite ^[17] paa Graabein, og det var so vidt dei ikkje støytte upp i augo hans. – Naa er det nok! kveste han. Ellers skal du faa kjenne dissa, uslingen du sitter der!

Graabein saag upp, forbina. So smilte han og greip ein av dei knytte nevane i kvar av sine, og tviheldt: Saa baan! terga han. Saa baan! Rolig naa!

Men daa vart ei onnor hand lagd paa aksla hans. Og Loppa stod stød og trygg og saag paa Graabein: Det er best du slepper Julstrup! sa han. Og saa slutter du med tøyse ditt for i dag! Saan ja! – Legg dig naa ner og hvil litt! –

Graabein slepte Diktaren. Prøvde seg so med ein ny laatt. Men han lyddest so inderleg turr og haas, og han tok han i seg straks. Han vart sitjande raadvill no, forstod kje at dei ikkje moroa seg over det han hadde fortalt. Eit sinne arbeidde seg upp i han. Det var skam slik dei bar seg mot han, desse gamlingane. Naar *dei*

hadde eitkvart aa fortelja, var aldri han nøgje paa aa læ alt i eitt. Men naar *han* skulde prøve vera morosam, var det aa faa knyttnevar upp i syne! Aa jo! Det fans rettferdigheit her i verda som sa seks! Han sputta langt og slengde seg bakover i senga. Best aa sova fraa heile suppa! So kunde dei more seg sjølv ein annan gong, toskane!

– Og det vart som fyrr i rome. Loppa [18] gjekk til vindauga, og Diktaren til senga og blyanten og papire. Og han Teodor Tull gav seg til aa traave att og fram, fortare en fyrr. Han hadde kvilt for lenge no. Laut skunde seg, skulde han ta att alle dei stega han hadde mist. –

– Enkemadam Nilsen, eigaren av «Sorgenfri», er ferdig med dagsens slit. No sit ho i det vesle rome sitt med eit handarbeid. Og ho smaasyng for seg sjølv med' ho lar naala gaa. Ho er i sekstiaara, ser det ut til. Haare er kvitt og andlite rukkut. Men augo er unge og friske og vene.

Ho skal nett til aa leggje burt for i kveld, daa det er einkvar som taslar i gangen og bankar paa døra. Det er Konsulen som kjem inn.

Madam Nilsen nikkar mot han og smiler: Versgod sit! seier ho. Er det no' jeg kan hjelpe Dere med?

Konsulen vert staa'ande ved døra: Det er bare det, at jeg tenkte gaa til søster mi i morra! seier han. Saa De maa 'ke bli rædd om jeg blir borte ei stønn!

– Madam Nilsen svarar ikkje med same. Ho dukkar hovude over arbeide sitt, og saumar idugt. So braakastar ho augo paa han og ser granskande inn i andlite hans: Til søster [19] Deres? spør ho. Har hu sendt bud etter Dere?

Konsulen ser henne truverdig inn i syne, han har ingen ting aa vera rædd: Jeg fikk brevkort fra 'a i efta! seier han. Hu' hadde løst til aa se mig, skriver 'a!

Madam Nilsen veit kje visst koss ho skal ta dette. Det rettaste var sjølvsgatt aa verte sint, men ho er kje god til det no. Det er slik synd paa den stakkaren der burtved døra, denne velpussa gamlingen i bømte klæde som er so altfor romslege til den skrinne kroppen. Hm! Han skal til søster si, no att! Han som korkje har søster eller andre slegtingar paa denne kanten av lande! Og som ikkje eig ein livande skapning som bryr seg um han, utan dei stymparane han bur i hop med!

Ho stel seg til aa braafara over han med augo. Fælt so bleik han er i kveld! Og so lei seg som han ser ut til aa vera!

Heile soga hans stig fram for henne i denne augneblinken – soga som presten

fortalde henne, daa han var her og gav ifraa seg Konsulen. Soga um husmannsguten som kom til byen og sleit seg fram fraa visargut til fyrstemann. Og som sidan opna eigen forretning rett over gata for den gamle sjefen sin. Soga um han som slo for stort paa, som livde storkar millom grosserarer og fine damur til [20] i kassa vart tom og han laut skrive falskt for aa skaffe pengar. Aa jau! Ho visste nok um det! Visste nok um koss venene snudde seg fraa han, daa han slapp ut fraa fengsle, visste nok um koss han hadde svolte og frose og drukke og lide vondt, og sokke djupare og djupare i søyla, til han til slutt vart hjelpt inn paa «Sorgenfri»! Og ho visste endaatil um koss han leika storkar ein gong i millom enno – naar han hadde raad til det. So ho skulde vel negte aa sleppe han utanfor porten aaleine – naar rett skulde vera. Men det er kje moro aa vera rettferdig alltid, heller. Det er jamnast større hugnad i aa fylgje sitt hjartelag! Og det vilde ho gjera denne gongen og, som so ofte fyrr. –

Ho reiser seg og gaar burt til han: Ver naa forsiktig i morra, da! aatvarar ho. La ikke søstera Deres vera *altfor* godhjerta! Hus paa De taaler ikke stort!

– No greier ikkje Konsulen halde augo uppe mot hennar lenger. No lyt dei i golve. – Nei, jeg skal nok passe mig, stammar han. Hu er saa klok slik, søstera mi! Hu gir mig nok ikke mer en jeg taaler!

Madam Nilsen gir han handa: Ja, ja. God moro! seier ho. Jeg sitter oppe og passer porten, om det skulde bli seint for Dere! Ho vart staa'ande i tankar, daa han var ute av døra. –

[21] – Det er ved ti-tida same kvelden. I fem av dei seks sengjene ligg gamlingar og søv, og dei drøymmer um ungdoms gleder og manndoms sorger. Diktaren har lagt blyant og papir ved hovudgjerda si, um ein eller annan idé skulde vekkje han. Graabein ligg paa ryggen og snurkar gjenom open munn. Skjurta hans er oppflengd, og nevane kviler knytte paa det haarute bryste. Han Teodor Tull har slutta med den evige tassinga si. No ligg han med knea oppunder haka. Men ender og daa rykkjer det i beina hans, som um dei vil byne paa att, men det vert ingenting av det. Loppa ligg uroleg som vanleg. Kastar seg hit og dit, hiver seg rundt fraa den eine sida til den andre. Han er paa sirkus um nætene, Loppa. Gjer rundkast paa springande hest, og kastar seg paa hovude fraa kuppelen ned i manegen. – Men han Henrik i senga søv fredfullt som eit baan. Han har nesta hendene over bryste. Og salmebok og bibel ligg paa

nattborde hans. Dei skal sjaa han har vore ferdig til aa fara, dersom han ikkje skulde vakne meir. –

Berre Konsulen søv ikkje. Han ligg og lyder. Men daa det ikkje er anna en pæsande andedrag aa høyre, reiser han seg or senga. Og han stikk handa inn i sengehalmen og [22] leitar etter eitkvart. Og det er kje lenge fyrr han har ein liten lerreftspose i fingrane.

Han kveikjer i ein liten ljostubb han har liggjande i bordskuffen. So set han seg paa sengekanten. Og han opnar posen. –

Han vert sitjande lenge og rekne. Det lyt gaa so stilt, so stilt. Han har breidd overteppe til sides, og han tar skjelling paa skjelling upp or posen og legg han ved sida av seg paa lakene. Og han er ferdig til aa slengje teppe over, ved minste lyd. Men han faar sitja i fred, til alt er upptalt. Daa nikkar han velnøgd. Tredve kroner! mullar han. Det lønner sig ikke saa reint verst likevel, aa hogge ved for mjelke-enka, Graabein! Det blir noen kroner om aare! – Han let posen liggje under teppe. So tar han fram ein liten nykel han har hangande inn paa bryste. Og han bøygjer seg over ein kuffert i kroken. Og han læser upp. –

– Han held ein «diplomat» i vere, ein skrukkut, svart diplomat. Han fér over han med rannsakande augo. Det er kje fritt for at dei er noko slitne, kantebanda. Og det vantar eit par knappar og, ser det ut til. Ja, ja. Det vert vel ei raad med det. Han legg frakken varsamt fraa seg paa senga, og han bøygjer seg etter meir. Og han legg ein kvit vest paa frakken, og ein krage og ei gloande sløyfe. Men det grumaste av alt er no likevel [23] flossen han finn upp. Han er blank og fin i haara som fyrr, det kan ingen sjaa kva han har gaatt igjennom her i verda. –

Konsulen staaar i tankar framfor desse gamle klædesplagga. Det er so mange minne som velter inn paa han. Tunge minne, men kjære likevel. Han har kje raad til aa misse eit einaste av dei. – Han stryk hatten etter haara, det er ein ven han klappar. Ein av dei faa trufaste. – So, utan rett aa vita kva han gjer, set han hatten paa hovude. Og han retter ryggen og gir seg til aa drive att og fram millom sengjene. Stundimillom helsar han djupt og smilande. Men det hender óg at han berre lyfter eine fingeren mot hattebremen. Ein helsar ikkje like djupt paa alle her i verda. –

Daa gjer Loppa eit av sine beste rundkast, og Konsulen kjem til seg sjølv. Han spring mot senga so skjurteflaka viftar bak han, og han sløkkjer ljose og hoppar i

seng. Men han ligg lenge fyrr han sovnar. For han maa tenkje paa den store dagen i morgo. –

II.

Ein gamal mann med stokk i hand kjem ut porten fraa «Sorgenfri». Han er klædd i diplomat og floss, han er nybarbera og vasskjemd, [24] og han har lorgnet paa nasen – Han stanar litt utanfor porten og myser mot sola. Himmelen er blaa i dag. Dei graa regnskyene som laag over hustaka i gaar eфта, er farne. Det einaste som minner um at dei har vore her, er søylepyttane som blenkjer i gatune. Konsulen gir seg til aa gaa nedetter den stille gata. Han er i straalande godlag og trippar lett avstad millom vassdammane. Det blæs litt, og skjegge kjæler han kring halsen. Det er so velsigna lett aa puste i den reinska lufta. Han gaar gjenom gatur med laage, ustelte trehus paa kvar side. Graa, rotne trehus med veggjer som tyrstar etter maaling, med skeive portar og sundslegne glasrutur. Men Konsulen ser seg ikkje til sides no, vil ikkje skjemme burt dagen med aa glana paa slik styggedom. Dei skal faa helgedagskost, augo i dag. Slikt som dette faar dei nok av til kvardags. –

Han skal til aa svinge kring eit gatehyrne, daa han flyg butt paa ein fillesankar som er ute for aa helse paa søplekassune. Lorgnetten sprett fraa den trygge naseryggen og hoppar ned i søyla. Og flossen tenkjer paa aa slaa fylgje. Men Konsulen fangar han paa halvvegen og set han tilbake paa rette plassen, med han ser paa den sprit-duftande sekkjeberaren: De faar se Dere føre, min herre! seier han. Det er da maate paa aa gaa i ørska, óg!

[25] – Fillesankaren tar til lua: Omfeladels master! seier han. Det er 'ke saa godt aa vera vaaken, naar en skal gaa og sulte om dagen og ligge ute om natta. – Han retter fram ei svart hand: Riv i non ører da, grosserer! tiggjar han. Dere faar dom igjen av Vaarherre, veit De!

Konsulen byrstar seg nedover klæda. So gaar han eit steg til sides, vil koma framum denne slusken. Men han gaar etter, held seg alltid framfor han med utstrekt hand: Bare ei krone, master! Lang hit ei krone da vel, gamlen!

Konsulen slaar til handa med stokken. So bøygjer han seg og vil ta upp lorgnetten. Men tiggaren er for snar, set hælen paa han og traar til so det knasar i

glase. Daa gliser han velnøgd og gaar or vegen: Dra til helvete, din fordømmade kapitalist! busar han or seg. Reis opp i Homansbyen med dig, storgrisen! Du har 'ke no aa gjøra her nere hos skikkelige folk! –

Og Konsulen kjem seg unda, og han gaar fort nedetter. Han kjenner seg ikkje reint ulukkeleg heller, der han rømer. Det er mest som um han gleder seg i slengorda som vert kasta etter han. Og daa dei ikkje naar han lenger, tar han dei upp att sjølv, gong paa gong: Kapitalist! sa han. Grosserer! Storgris! Hm! Skulde du høyrte slikt! – Han steller ^[26] seg til aa spegle seg utanfor eit butiksvindauga: Han saag 'kje so verst ut i dag, nei! Han var 'kje so dum, fillefanten. Han kjende folka sine! Hm. Han kunde no gjerne faatt ei krone og, fattigstakkaren!

Han har vorte uppøst av denne hendinga, det er kje fritt for at han skjelv litt i knea, sant aa seia. Men ein kunde daa kje setja seg og kvile paa ei høkertrapp, heller! Fekk prøve aa koma seg til den kanten av byen, der dei sette benkjer aat trøyte folk. Han skulde no den vegen likevel. –

Daa ser han ei opi hyrnedør rett i mot seg, og han stanar. Ei ung gjente staar i opninga og glør paa gatelive, ei ung, lubbi gjente med svart haar og gyllte ringar i øyro. Men det er ein annan ting og som gjer at Konsulen ikkje kjem lenger; for paa glasruta over døra staar eit ord maala med kvite bokstavar, eit ord som dreg mest likso mykje som ei ung gjente. «Restauration», staar det. Og dit inn gaar han. –

– Ein halv time seinare er han paa farta att. Skjelvinga i knea er burte, ja han kjenner seg sterkare no, en han har gjort paa lenge. Reint som ein ungdom er han, han har mist mange, lange aar paa denne halvtimen. For eit godt øl! Og for ein skapnad paa den gjenta! Og so blide augo! Synd at ho skulde øydeleggjast i ei skarve ølsjapp! Ho skulde ^[27] burt, skulde ho, faa seg ein bra mann og mange baan, det var det ho skulde! Han vilde redde henne, vilde han, ja han vilde ta ho til seg og stelle godt med henne og gjera eit menneskje av henne. Berre Vaarherre gav han helsa og livedagane! –

– Han er komen ned mot bryggjune og gir seg til aa gaa strandvegen kring festningen. Det blæs friskt fraa fjorden, og baatane voggar seg paa kjælne bylgjur. – Han steller seg paa aller ytste bryggekannten og let det blaase paa seg. Tar av seg hatten og knepper upp diplomaten. Og vinden leikar gjennom haar og skjegg, trengjer seg gjennom klæda og kitlar nedover bryste og ryggen. Konsulen

pustar godt ut, bryste vert so uendeleg lett og fritt. Det er som um han tar seg eit friskt bad no, eit bad som skyljer vekk alt det støve han gjennom mange aar har samla i eit trongt, myrkt rom med seks senger. –

Han gaar sin veg vidare og nærmar seg byen att paa den andre sida festningen. Ved bryggjune her ligg den eine store skuta etter den andre. Her køyrer dei med tunge vogner, her ropar og staakar bryggjesjauarar og skipsfolk. Konsulen stanar alt i eitt, der sjauen er stridast. Han faar eidar og tilrop slengt mot seg, fordi han staar i vegen. Han lyt springe or vegen for ryggjande hestar, men har kje raad til aa gaa langt vekk. Han maa [28] blande seg med dei slitande, staakande menneskja no, maa staa midt i tumlinga ei stund, for det er so lenge sidan sist! –

– Lenger inn mot byen er det meir stilt. Her er det mest smaaskutur som ligg, og her driv berre nokre faa mann med lossinga. Alt er fredelegt og gamaldags her. – Konsulen stanar hos ein gamal mager hest som staar og halvsøv i solsteiken, og hengjer med hovude over ein høydott. Han klappar dyre paa halsen og smaapratar med det. Og hesten lyfter hovude og humrar. Søkjer til handa hans med den hangande underlippa, um eitkvart godt skulde liggje gøymt der. Men Konsulen har ingenting aa gi burt. Handa hans er tom og lummune hans er tome. Berre ei lumme har han noko. Men det er skranglande sylvpengar, det høver ikkje for ein hestemage. – Han gaar litt fraa hesten, vil kje staa og gjera han vonfull og so narre han. Hesten prøver gaa etter, men daa han kjenner lenka kring det eine forbeine, gir han upp og steller seg til aa duppe over høydotten att.

Daa kjem køyrekaren ruslande. Det er ein gamal knebøygd mann, likso mager som hesten, og likso sliten. Han kjem fraa kaffihuse like ved, og knaslar enno paa sukkerbiten. Han tar hesten i beisle og stikk ei hand under munnen hans: Her, Brona! seier han. Her har du noe aa gnavle paa!

[29] Konsulen ser koss hesten vaknar og hevlar i seg dei gode sukkerbitane. Han gaar heilt burttil, maa høyre kor godt han knaskar. Og han snur seg til køyrekaren, som driv og sopar upp høystraa'a: Han liker sukker, ser det ut til! byner han. Det var nok nydelige saker, det! Gamlingen slengjer høysekken upp i den tome vogna: Hu liker det som godt er, hu som vi andre! svarar han. Og han løyser Brona og skal til aa stige upp.

Daa grip Konsulen braatt i lumma si. Og han stikk noko burt i neven paa

køyrekaren: Der! seier han. Ta det!

Gamlingen staar med det eine beine paa drage: Aa skal jeg med den halvkrona? spør han. Jeg har 'ke tiggi om penger!

Men Konsulen slaar han naadig paa aksla: Det er til Brona! seier han. Kjøp sukker til Brona for pengene! Og han nikkar og gaar. Han høyrer ei larmanda vogn koma etter seg. Og han ser ein gamling som sit med lua i handa og bøygjer seg djupt, med same han køyrer framum. Og Konsulen lettar litt paa hatten han óg, og smiler verdigt. For rett nok er han ein fin mann, men ingen skal no faa sagt at han nokon gong har halde seg for god til aa helse paa ein arbeidsmann, lel! Vi er daa menneskje alle!

III.

[30] Holmenkollen.

Konsulen sit paa ein benk og ser utover byen som ligg halvt gøymd under eit graablaatt taakeslør.

Han er trøytt og mett etter middagen inne paa hotelle. Og det sterke øle har gjort han tung og dauv. – Men han kjenner seg so fullkomen lukkeleg der han sit. Alt har vorte so blidt og rundt. Verda har mist alle dei skarpe kantane som det er so lett aa støyte seg paa til kvardags. –

Han har lagt flossen og stokken ved sida av seg. Ein rykande sigarstubb heng i eine munnvika, og taarune renn. Dei er komne or vane med aa tole sigarrøyk, augo hans no. Det er det dei græt for. Men Konsulen kan kje ta omsyn til eit par gamle sure augo. Dei lyt finne seg i aa tole litt av verda dei óg! Det som *maa* til, det *maa* til! Og at ein god sigar høyrer til ein betre middag – sopass fekk dei lære seg til aa skyne! –

Han ser til sides paa benken der hatten og stokken ligg. Sit og stirer paa den plassen, lenge. Han gløymer alt ikring seg. Byggjer upp sine eigne bilæte. Han smiler til ei som berre *han* ser, snur seg heilt til henne og nikkar: Du har rett i det, Margit mi! seier [31] han. Storartet vêr! – Han let handa gli burtetter ryggstøda, og let den usynlege venen halle seg inn til: Ja, det er sant som det er sagt, kona mi! Det er mangen en dag siden vi sat her sist! Men vi skal begynde aa vanke her igjen, nu! Joda. Vi tar en tur hit imorgen. Men da kjører vi. Det er

dumt av oss aa laa hestene staa og dovne sig, mens du sliter dig ut! –

– Den grove ulinga fraa ein amerikabaat vekkjer han. Og han seier ikkje meir paa ei stund. Let augo fylgje den velduge røykspyaren som sig inn mot bryggjune. – Daa han so skal halde fram med samtalen, daa han skal bøygje seg mot ho Margit og sjaa henne i augo, er han kje god til aa finne henne att. Det er berre ein floss og ein stokk paa benken. –

Han stryk fyrst handa over panna, modlaus. Men so tar han seg saman. Vil ikkje gi seg. Det var kje *hans* meining at ho skulde røme alt no! –

Han triv hatt og stokk og reiser seg. Og han retter eine armen mot benken: Kom nu, Margit! bed han. Du taaler ikke sitte her lenger! Den sterke luften tar paa dig! – Og ho Margit er ei lydig dame. Ho fylgjer sin herre og husbond. Og dei gaar smaatt burtetter. Konsulen held den eine armen i vinkel ut fraa sida. Og han nikkar idugt og ^[32] smaarøder blidt med henne som tokkar seg inn til han. –

– Han er komen ut paa hovudvegen. Det ber unda, og det er lett aa gaa. Men Konsulen kan kje skunde seg. Han maa vera varsam med henne han leier. Han ofrar seg heilt for henne, gløymer heile verda for hennar skuld. Gløymer seg slik at han ikkje sansar seg fyrr ein skrattande laatt vekkjer han. Men daa kjem han til seg sjølv. Dei fire bleikfeite tyskarane som køyrer forbi paa veg uppetter, jagar alle syner, der dei slaar seg paa laara og morer seg kongeleg over den galne mannen. Og no tar Konsulen til sprange; humpar avgarde so fort han orkar so kan han koma kringum vegsvingen. Og no heng baae armane slakke, for no er kje ho Margit med lenger. –

Men han fell snart til ro att. Daa han er ute or syne, slengjer han seg ned paa ein stabbestein og kviler seg godt ut. Grip so i lumma og tar upp ein neve skranglande sylv. Og baade ho Margit og tyskarane er gløynde. –

Han ristar paa hovude daa han er ferdig med tellinga. Fælt so fort dom gaar! mullar han. Bare femten kroner igjen! Han stappar dei i lumma og blæs likeglad: Dom greier sig i dag! seier han. Og i morra trenger jeg ingen penger! –

– Det er straks over middagen no, og sola steikjer godt. Konsulen skyv flossen i ^[33] nakken og labbar i veg paa nytt. Han har ingen aa tala ved no. Og sigaren er slokna. Men likevel smaasyng han, der han ruslar. Det er kje slutt med humøre hans enno.

– Ei fem-seks arbeidarar driv paa med aa grava ei veite ved vegen. Dei har

kasta trøyune, og andlita er vaatblanke av sveite. Konsulen stanar og ser paa arbeide. Og arbeidarane legg seg tyngre paa spadane, og ryggjene deira krøkjer seg endaa meir, og sveitedropane fell oftare til jorda. Dei tør kje sjaa upp, for det er kje godt aa vita kven dei har fyre seg. –

Konsulen seier ingenting for det fyrste. Men daa ein av karane lyt upp or veita etter eit grev, nyttar han høve til aa helse: Godt og varmt! seier han. Nydelig høstvêr!

Arbeidskaren hoppar ned i veita med greve: Det er det samma for vors aassen vêre er! svarar han. Vi har 'ke tid til aa tenke paa slikt, vi! –

Konsulen teier. Han har slik hug til aa vera hyggjeleg mot desse simple arbeidsfolka. Men det ser ut til aa vera vrangt aa koma til. Daa retter ein av karane rygg og strekkjer handa ut etter eit pott-spann som staar ved veitekanten. Og han set spanne til munnen og drikk graadugt.

Konsulen fylgjer det store adamseple med augo, der det glid upp og ned i den tunne [34] halsen for kvar svelg. Og han vert tyrst der han staar. Faar hug til aa setja lippune til spann-kanten og belje vatn i digre svelgjer. Men det vert inkje av det. Mannen tar kje munnen fraa spanne fyrr det er tomt. Daa ein annan kar bed um ein skvett, fins det kje dropen att.

Konsulen forstaar at no kan det vera raad til aa faa slengt inn eit ord for han óg. Og han prøver seg: Det er godt aa faa vand naar en er tørst, seier han. Det fins vel ingen bedre ting i verden!

Han som drakk, ein tjueaars gut med ein logn blink i augo, tar tak i spaden att: Øl er berre! seier han. De kan gjerne ta alt det vande som i verda fins, bare jeg faar øle!

– Dei andre karane skynar no at denne gamle mannen ikkje er faarleg, og dei retter rygg med' dei kviler paa spadane og sputtar. Det var sant san! meiner dei alle. Den som bare hadde sig en skvett øl, saa! –

– Konsulen gjer eit lite reknestykke i hovude. Og daa han er ferdig med det, vinkar han tjueaaringen til seg: Bli med mig du, mannen min! seier han. Det skal nok bli raad for noe for tørsten!

Dei stirer paa han alle. Forstaar kje kva han kan meine med dette. Men tjueaaringen, som til no har vore so djerv, misser mode og ser paa Konsulen med augo som er fulle av [35] vyrdnad: Jeg har nok ikke lov til aa gaa!

Tenk om ingeniøren kom!

Men Konsulen veks: Hils ingeniøren og si at *jeg* har git dig lov du, gutten min!
Mitt navn er konsul Ibenholt. Formann i kommunestyre! –

– Og Konsulen nikkar og gaar. Han har ein tjueaars vegarbeidar etter seg – ein som held seg paa høveleg fraastand. Og daa dei kjem til kjøpmannen, gaar Konsulen like burt til sjefen og peikar paa arbeidaran med stokken: La den mannen faa en kurv øl! byd han. Jeg betaler!

Han ser kje til sides paa den lukkelege arbeidaren som staar med lua i handa og prøver aa stamme fram ein takk. Han gaar fort ut. Og daa ei spurvogn nett stoggar utanfor, paa veg mot byen, stig han upp paa den. –

IV.

Ein times tid seinare riv Konsulen upp døra til ein restauration i Homansbyen. Ei hel flaske bakk-øl! skrik han til den feite kjeringa som sit bak disken og halvsøv. Fort Dere litt, er De snild!

Ho grin surt mot den gamle mannen som uroar henne i middagsblunden. Og ho [36] blir kje blidare, daa han set seg inn i aller inste rome. Det er daa plass nok her inne, um han ikkje skal gjera vegen so lang som mogeleg for henne, vrangfanten!

– Konsulen finn seg taburett og bord i ei myrk ro. Og daa kjeringa kjem laskande med øle, riv han flaska til seg og skjenkjer glase fullt og beljar det i seg.
– Etter det andre glase pustar han litt, legg floss og stökk fraa seg og kviler seg godt inn til vegg. Det er kje fritt for at ryggen verker litt no. Han har leita paa, denne siste marsen! –

– Han let att augo og liver den siste timen upp att i tankane – den timen som har gaatt sidan han steig paa spurvogna.

Det gjekk so velsigna gledeleg i fyrsten. Han var komen til aa sitja rett i mot ei gamal fatigkjeriing som skulde til byen med ei berkorg. Og denne stakkaren vart uroleg og nervøs av aa ha den fine mannen rett i mot seg. Ho gav seg til aa stryke dei turre hendene upp og ned paa korghanken, og ho glante ut av vindauga for liksom aa koma unda.

Men Konsulen vart byrg og smilande av dette. Han vart einig med seg sjølv um at han skulde vera hyggjeleg mot dette arme menneskje, gi seg i prat med henne og spyrje koss *til* stod. Ja kan hende stikke til henne ein ti-tjue øre óg, um høve baud seg. For det sat mange i vogna, og dei kunde ha godt av aa sjaa at [37] det fans *nokon* her i verda, som var snilde mot fatigfolk. –

– So stana vogna ved ein station. Og fleire folk kom paa.

Millom dei var ein gamal svartklædd mann med kvit sløyfe under den glattraka haka og med gullbrillur i det bleike, verduge andlite. Han stavra seg fram gjennom vogna og fann seg sæte ved sida av Konsulen. Og han pusta godt ut og kom med eit par ord um eit herleg vêt. Men Konsulen hørde inkje. No hadde *han* faatt det likso annvint med aa stire ut, som den arme fatigkjeringa. No var det noko ved landskape som fanga alle *hans* sansar, óg. Han *kunde* kje rive augo vekk fraa det storfelte utsyne. – Daa er det ein som gaar gjennom vogna, og det ringlar i pengar. Men Konsulen let seg ikkje uroe fyrr ein blaa papirlapp vert stukken upp i syne hans. Daa lyt han snu seg og finne fram pengar til billetten. Han vil vende seg mot glase att, daa ei hand legg seg vart paa armen hans. Og presten ved sida helsar og smiler: Goddag, goddag! bukkar han. Undskyld er ikke vi kjendte?

– Det stikk i panna paa Konsulen. Det er kaldsveiten som bryt fram. Og hendene tar til aa riste. Men det fins ikkje naade her. Han *lyt* ta imot den kvite, fine handa som [38] vert retta i mot han. Og han *lyt* snu andlite til:

Jo, hr. pastor! stammar han. Det er nok saa, at vi er gamle kjendte!

– Han seier dette so laagt han er god til. Det sit folk rundt um. Og fatigkjeringa har han rett i mot. Det er ingen grunn for han til aa vera høgmaelt. Stod det til han, skulde det ikkje verte sagt eit ord meir no! – Men pastoren vert blidare og blidare.

Han er byrg og fegen over seg sjølv, for sitt gode minne: Jeg saa jo straks at jeg kjendte Deres ansigt! smiler han. Jeg er alltid saa skarp, slik!

Konsulen sit paa sprange. Berre no vogna vilde stana, so han kunde røme! Men det er nok ikkje so vel. Kvar plass i vogna er uppteken, so dei fer framum stationane utan aa stogge. All von er ute! Er kje lønt aa spele storkar lenger! No spør vel pastoren um koss det staar til paa «Sorgenfri»! For det er mest fjortan dagar sidan han var der ute og heldt bibeltid no. –

– Men pastoren ser ut til aa verte litt utrygg. Han granskar nøgjare andlite til Konsulen. Og di lenger han granskar, di meir raadvill vert han. Til slutt er det som um han gir upp aa gisse paa kven han har fyre seg, han ristar oppgit paa hovude: Men hvor *har* jeg Dem fra? seier han. Jeg kjender Dem [39] jo saa godt, men i øieblikket er det mig umulig aa huske *hvorfra*!

– Konsulen er no heilt likesæl. Sit berre og ventar paa slage som skal knuse han. Ynskjer mest det skal koma snart, so pina er over. Ja, lat dei berre faa greie paa det, fatigkjeringa og dei andre, kva for ein kar dei har millom seg!

Han skal nett til aa hjelpe pastoren paa glid, daa *han* finn ut av det sjølv: Aa, nu husker jeg det! nikkar han glad. Det er fra hedningemissionen vi er kjendte!

Konsulen skvett til, retter seg, heitnar.

Nye voner, nytt mod strøymer gjennom han. Evig pris og ære! Det fins visst redning fraa vanæra like vel!

– Han gøymer ikkje augo lenger, nei han ser presten roleg i andlite: Jo, det er nok fra hedningemissionen, hr. pastor! stadfester han. Jeg har havt anledning til aa træ støttende til der, et par gange!

– Han veit han har git seg ut paa ein faarleg veg. Men no lyt han halde fram. Og presten er kjend for aa gaa litt i baandøme, so med guds hjelp let han seg vel narre! – Og Konsulen har *held* med seg no. Berre orde hedningemissionen er nok til at presten gløymer alt anna. No vert han sitjande og halde eit foredrag um denne kjæraste saka si. Og Konsulen har kje anna aa gjera en aa [40] slengje til eit ha og eit ja stundom til. Kan ikkje lettare sleppe. –

– Dei er komne ned til byen. Konsulen er den som fyrst reiser seg og vil koma ut. Men presten tar han i armen og heng med. Han er enno ikkje ferdig med emne sitt, han maa faa lov til aa leggje ut um ein ny plan han har tenkt ut. Ein plan til frelse for mange. Og Konsulen gaar ved sida hans og høyrer paa. Ja, han vert litt etter litt riven med av planen. Kjem med ein merknad ender og daa, ja det er kje fritt for at han gir seg til aa ordskiftast med presten um eit par smaating i framlegge. Og presten bøyger seg til slutt for dei kloke merknadene, seier beint fram at han skal gjera eit brigde i planen, so han vert meir etter Konsulens ynskje. – Men han krev pengar denne planen, og presten vonar paa gode menneskje. Og Konsulen er kje knuslut. Han gir presten lovnad paa ein sum som høver med hans vilje og evne. –

– Utanfor den flottaste garden i gata stanar Konsulen. Og han retter handa fram og takkar for fylgje. Lyt desverre skunde seg upp no. Dei ventar paa han med middagen! Presten ser etter han, der han svingar inn porten. So gaar han sin veg, straalande: Berre han raaka mange slike – ja daa skulde han kje vente lenge med aa setja planen sin i verk! –

[41] – Konsulen drikk eit par glas øl til. Og daa flaska er tom ropar han paa meir. Han hadde vorte reint edru etter samtalen med presten. Men slik kunde det ikkje vara ved. Dagen var for dyr til det! –

Han slaar det brune, tjukke øle i glase og drikk. Og han kjenner slik ei velgjerande, varmande sviding i magen.

Dette rome tyktest so svart og kaldt daa han kom inn her. Men no er her baade varmare og ljosare. Det er i grunnen koselegt her inne. Ein kan sitja so trygt og høyre paa folk som gaar framum ute paa gata. Ingen faarleige folk kjem hit inn. Her vankar ingen prestar som kan skræme vite av ein. – Han er den einaste gjesten. Ute fraa diskerome høyrer han dei pæsande andedraga av kjerenga som har sovna att. Og langt burte durar ei klingrande sporvogn. Det er dei einaste lydene som naar han. –

Han sit og halvdrøymmer. Paa veggen rett imot heng eit bilæte som fangar augo hans. Det er ein reklameplakat fraa eit bryggeri. Paa ein fnysande hest sit den brynjeklædde riddaren og tar imot eit staup skumande øl som ei fager møy rekkjer han. Det kvite fraude veltar over staupkanten, og dei varme jomfruaugo straalalar mot den tyrste krigaren. Konsulen kjenner seg ung og sterk og tyrst [42] der han sit. Han reiser seg og lyfter glase mot jomfrua: Skaal skjøn jomfru! seier han. *Di skaal!*

Det gaar i gatedøra, og nokre halvfulle murarar kjem braakande inn.

Dei sjanglar mot rome til Konsulen og slengjer seg ned ved sida av han. Og han skundar seg ut. Orkar kje høyre paa simpelt prat i dag. –

– Han kjenner seg so frisk der han ruslar burtetter gatune. Rett nok er han litt tung i augo. Men beina er so mjuke og lette. Og alle dei menneskja han møter ser so snilde og gode ut. Han vert reint rørd over kor blide dei er. Det er berre noko tøys det, at menneskja er stygge og fulle av vondt! Det er *han* som har set gale fyrr. Men no i efta ser han rett. Og slik som han no ser, slik vil han sjaa alltid heretter! Berre han aldri gløymde det!

– Det glir ein skugge forbi han, eit minne um eit gult trehus og eit lite rom med seks sengjer. Han stanar for liksom aa samle seg litt. Og han ser framfor seg fem karar, fem gamle, kvite menn. – Men det er merkelegt med det: Dei stig kje fram for han slike som dei elles er, dei har kje dei sure augo og dei grinute draga i andlita no! Nei, det er noko mjukt og varmt over dei, noko vent og godt. Og Konsulen faar taarur i augo over kor kjære dei er for han, og han nikkar ^[43] til dei: Bare vent! seier han. Heretter skal det nok bli hyggelig i «Sorgenfri»! Han er arg paa seg sjølv fordi han ikkje har vore slik som han skulde mot dei. Han har havt eit gale syn paa live, han. Det er det som har vore feilen! –

– Han er komen ned i det fine stroke, i dei stille gatune med villaer og hagar. Han gaar smaatt her. Gaar som ein gamal rentenist paa eftastur. No og daa møter han ein einsleg vandrar, og daa hender det at han lyfter paa hatten. Helsar liksom paa ein god kjenning. Ja, han snur seg endaatil og ser etter dei som gaar forbi: Han saag klein ut min ven professoren i dag! kan han seia ved seg sjølv. Aa ja, aa ja san! Vi har vaart alle! Han ruslar vidare, utan maal. Har kje bruk for aa kike paa gateskilt. Det er nok for han at han er der han høyrer til og kan faa helse paa sine likemenn! –

Men ved eit av hyrno ser det likevel ut til at gatenamn kan vera nyttige. Han kjem i eigne, lette tankar, daa han med eitt braastanar og stirer paa ein raud murvilla i hagen til vinstre. Han stirer paa inngangen og vindaugo og take. Han stirer paa lysthuse millom trea i hagen, men vert endaa ikkje einig med seg sjølv. So skundar han seg burt til gatehyrna og les paa skilte. Og der faar han den vissa han søkjer.

^[44] Han vert so kraftlaus i knea, vert svimren mest, og er nære paa aa sige ned paa butikktrappa. Men tanken paa diplomaten held han uppe, han tar seg saman, slaar stokken hardt i asfalten og driv mot villaen paa nytt.

– – Han gaar lenge att og fram i den gata. Kvar gong han kjem framum villaen, stel han seg til aa kike dit burt. Det ser so daudt ut der. Er visst ingen heime. Ein gong legg han handa paa portvriaren – vil gjera seg ærend dit inn. Men let det likevel vera. Det er visseleg betre aa gaa utanfor og drøyme. –

Det er mange lange tider sidan sist han gjekk her no. Det var fyre *det* hende, det fæle. Ja det var elles same aare. Det var det aare champagnen fløynde so rikeleg. Den champagnen han so dyrt laut betale. Det var det aare dei flokka seg

slik kring han, venene. Ja, det var óg det same aare dei vart burte, alle. – Nei, ikkje alle. Ikkje ho. Ho Margit rømde ikkje. Det var inn i det lysthuse der han fortalde henne koss han hadde fare aat – og kva som venta. Og det var der ho Margit strauk hovude hans, som laag i fange hennar. Og det var der ho bad han vera tapper, for ho vilde ikkje svike. Ja, det var i det grøne lysthuse inn i hagen der! –

– Konsulen driv forbi huse. Og tankane fer vidare:

[45] Og det var ein annan stad. Det var i den myrke bygnaden langt, langt herifraa. Og det var straks etter den kvelden der inne. Han sat i seila si, daa det kom bod um at ei dame var komi paa vitjing til han. Og han saag eit raudgraate andlit, og han hørde eit kjærte maal som prøvde trengje seg gjennom graaten, utan aa greie det. Og han kjende ein handtrykk av ei lita kald hand – ein handtrykk som gjorde godt i handa i mange aar.

– Og det var endaa ein stad: Det var paa hybelen straks etter at han var ut komen. Den kvelden han fekk svar paa eit brev han hadde sendt henne. Eit svar som fortalde at ho alt hadde vore gift eit halvt aar med den lytnanten som budde i same huse. –

Konsulen er bleik der han gaar no. Ho har nok sine skarpe kantar likevel, verda! –

– So set han større fart paa. Og han refsar seg sjølv for sitt tungsinn: Detta er du ferdig med for lenge siden, Konsul! I dag er du glad, gutten min! Den som sier no an't, han juger!

– Eit stykke burt i gata møter han eit gamalt par som ruslar i mot han, arm i arm. Mannen er rak i ryggen, endaa so gamal han er. Det spisse skjegge minner um militær. Kona er lita og triveleg og smilande. Ho og mannen gaar og godpratar med kvarandre, og ho tokkar seg trygt innaat han. Dei har kje [46] tanke for anna en sitt, ser kje han som vert staa'ande stiv med same dei gaar forbi. Ser kje han som riv av seg hatten reint i ørska og bukkar djupt. Nei, dei ser ikkje han. Dei gaar lukkelege sin veg – og svingar inn i villaen. –

Men Konsulen staar med hatten i handa og ser etter dei. Goddag, goddag frue! seier han laagt. Jo takk! Jeg lever bare bra! Vi faar takke Vaarherre, vi gamle, at han har sparet oss for sorger og bekymringer i vaart lange liv!

– So set han flossen hardt paa hovude so det smell. Og so svingar han seg

rundt paa hælen og gaar. Ein gong smiler han og skottar ned paa eine armen sin: Der hang du i sta, Margit! seier han. Naa henger du ien anden arm! Aa ja, aa ja. En kan ikke henge i den samma armen støtt, heller! –

V.

Den store kafeen paa stroke.

Konsulen har sett seg godt til rette, med utsyn gjennom dei store speglglasrutene. Det surrar kring han av glade menneskjerøyster. Og musikken upp under take blandar seg i med mjuke tonar. Og det elektriske ljose fløymer kvitt fraa veggjer og tak, straalar og blenkjer gjennom den blaa sigarrøyken.

[47] – Konsulen tar sigaren fraa munnen og drikk ein slurk av den rykande toddyen. Og han legg seg halvt bakover i den mjuke skinnssofaen.

Ute er det mest myrkt. Utpaa eftan vart sola burte, og regnskyene la seg tungt over byen att. No auser dei or seg. Det fløymer over tak og gatur, det sprutar i gatesteinen, og folk spring burtetter den vaatblanke asfalten, paa veg mot portrom eller sporvogn.

– Konsulen tar ein ny slurk. Og han ser likesælt paa dei hastande menneskja der ute. Han kan kje forstaa at nokon vil vera ute i slikt eit ver. Det er daa so mykje meir koselegt her inne. –

Han snur seg fraa vindauga. Vil burt fraa alt uvedkomande. Vil berre krype inn i seg sjølv. –

Det legg seg slik ein guddomeleg fred over han, ei kjensle av andagtsfull, still glede. Han kjenner seg so i samklang med alt her inne, alt det som sviv kring han, som liksom stryk kjælande kring øyro.

Musikken og den glade surringa gaar i eitt med den lukkekjensla han er fylt av. Han eig kje ein tanke utanfor denne salen. Det er *her* inne han høyrer til. For her inne er live! Ja her inne er live, det herlege, herlege live!

– Dei velter eit glas paa borde ved sida, og [48] Konsulen vaknar. Og ved eit høve kjem han til aa sjaa ut gjennom vindauga att. Det silregner framleies. Vatne fell i lange strikar mot asfalten, og ingen folk er aa sjaa. Jau, der klint tett inn til ruta staar ein mann og gøymer seg for væta. Det er ein høg, gamal mann med kvitt bukkeskjegg. Klæda hans er daarlege og fillute. Og den lange kroppen er

utpint av svolt. Han styd seg til ein stokk med eine armen. Men den andre armen er *av* ovanfor olbogen. Han klemmer ein bundel styvlereimar inn til seg med armstubben, og passar vel paa at dei ikkje blir vaate. –

Dei kverv burt alle dei gode kjenslune til Konsulen. Den gjennomblaute armingen derute jagar dei. Noko vondt velter seg inn over han i staden, noko svidande saart. Utan rett aa vita av seg, tar han til aa vifte mot gamlingen. Han maa vekk herifraa! Faar kje lov aa staa her og øydeleggje gleda for folk!

Men gamlingen staar med ryggen til, so han merkar ikkje noko.

Ein oppvartar kjem svinsande, og han ser straks kva det er i vegen. Han veit kva han har aa gjera, og han gaar modig ut og høgg inn paa fienden. Og han sigrar veldugt! Kryplingen bøyger nakken og rømer ut i regne. –

Men Konsulen vil inn i paradise att. Vil ^[49] symje i sæle ei stund enno. Men dørene er stengde for han no. Ein lang, utsvelt arming har stelt seg i vegen og er kje til aa koma framum. Konsulen prøver alle raader. Tar store svelgjer av todleyen, og let att augo. Voggar seg i takt med musikken, lyder etter dei glade menneskjerøystene, men faafengt. Samklangen med han sjølv er burte. Han eig ikkje lenger nokor lukkekjensle som maa flyte i eitt med gleda.

Han tømmer glase og gaar. Han held ei krone i eine klypa og gir seg paa jagt i dei vaate gatune. Han leitar etter ein gamal mann med bukkeskjegg. Men han finn han ikkje. Og han klemmer hardt um kronestykke, gløymer til slutt kva han har tenkt med det, veit berre at han lyt klemme paa det og leite etter einkvar. –

Det er no heilt myrkt. Regne har git seg, og folk vaagar seg ut att. Konsulen fylgjer der straumen gaar. Det er det same for han, kvar det ber av. Han rekk tidsnok heim. –

Han vaknar ved at han gaar over ei bru. Og daa han ser seg um er han paa kjende tufter. Like framfor seg har han ein hyrnebutikk. Det lyser gult bak dei nedrulla gardinene. Dørene er stengde med lemmer og laas, men paa dei kvite gardinene sviv svarte skuggar att og fram. Skuggar av folk der inne som har det annvint.

^[50] Konsulen prøver kike inn. Men gardinene sluttar tett til vindaugskarmen; det er kje ein glytt aa faa. Han gaar ut i gata og les paa skilte over døra – det store glasskilte med digre gull-bokstavar. «A/S Fredriksens Sønner» staar det! Haa,

haa, san! Han minnest nok ei tid daa det korkje stod «A/S» eller «Sønner», han! Ei tid daa det greidde seg med berre Per Fredriksen. –

– Men no skraar Konsulen over gata mot det andre hyrna. Her er óg ein butikk, men her skin inkje ljós fraa vindaugo. Innanfor glasrutune skimtar han brød og hermetikkboksar og vinflaskur i eitt rot. Og han ristar paa hovude, arg over slikt vanstell: Dom kan da ikke vente det skal gaa, naar dom har det saa fælt! seier han. Han maa nok pynte litt, den som skal drive forretning!

– Paa dette fortoge er det inga ferdsel. Folkestimen glid kringum det andre hyrna; alle skal utover mot gamlebyen. Konsulen ser etter at ingen legg merke til han. So gaar han upp butikk-trappa og tar i dørhanken.

– Døra er stengd, som han hadde venta.

Men han gaar kje ned att med same, han snur seg berre – og ser paa gatelive under seg. Daa hender det noko merkelegt: Dei siste fyrti aara glir vekk unda han, dei dett av han som ein ham og tar med seg alle minne. Atter staar han her som den unge vonfulle ^[51]forretningsmannen. Han staar paa si trapp etter ein hard arbeidsdag. No skal han ut i byen og treffe vener – dei venene han var saman med i gaar. Og dei skal more seg natta utover. –

Han tar i dørhanken ein gong til. Lyt kjenne um han har læst godt att etter seg. So gaar han ned trappa.

Han skulmar hatefullt mot den lysande butikken over gata, ja han knyter nevane: Vent litt, min gode Per Fredriksen! mullar han. Det skal komma den dagen da det skal straale liksaa blankt ut fra *mine* vinduer!

– Han gaar oppetter mot byen, men braastanar so: Aa nei. Ikkje oppover der i kveld! Dei faar heller vente til i morgo, kammeratane! Det har vore so trabelt i forretningen i dag! Han er so elendig sliten!

VI.

I dei myrke, stille bakgatune langt aust i byen driv ein gamal mann i diplomat og floss. Han ser kje ut til aa ha noko fast maal. Svingar kring hyrno til høgre og vinstre, etter som det fell seg.

Stundom er det som um beina slaar feil under han, og han sjanglar eit par steg burtetter. Men daa stanar han gjerne og samlar ^[52]seg. Og so legg han i veg

att, stivare en fyrr. –

Han er komen i ei gate med laage trehus. Det skin gult fraa eit og anna vindauga, der folk ikkje har stengt lampeljose inne med avisur eller laken. Elles er gata myrk. Det staa ei gaslykt paa kvart hyrna, men det er so langt millom hyrno.

Det er mest ikkje folk aa sjaa. Ein gjentunge kan koma springande med ein fløytekopp, paa veg til mjølkebutikken. Og i portroma kan det staa eit og anna kviskrande, elskande par. Men gamlingen ser ikkje til sides. Desse folka er framande for han. Han kjenner ingen paa denne kanten av byen. –

Han høyrer trygge steg koma mot seg. Og han ser ein diger skugge som skjer seg fram gjennom myrkre. Det er konstabelen som gjer si runde gjennom dei fredelege gatune. Det er han som trør so fast og tungt i søyla, sikker paa si magt og sin store styrke. Han kastar eit auga paa Konsulen med same han gaar framum. Og daa han tykkjer den gamle mannen helsar, svarar han med aa leggje handa til lueskuggen. Og han stanar si einsame vandring i von um ei lita korte i dei fire lange timane.

Konsulen stanar óg. Og han lyfter endaa ein gong paa hatten: Godkveld! seier han. ^[53] Undskyld, kan De si mig hvad dette er for en gate?

Konstabelen skyt magen ut og legg hendene paa ryggen: Dette er Rosenbrogata! svarar han. Aa var det De skulde hen? Konsulen smiler: Ingen steder! seier han. Jeg bare gaar her slik og rusler. – Han prøver gjera mage, han og. – Jeg studerer! lyg han vidare. Studerer folkelive, min herre! Han gaar tett inn paa konstabelen: Kan jeg ikke faa slaa følge med Dem? bed han. En lærer saa lite av aa gaa alene! –

Konstabelen veks. Og han nikkar godsleg til den vesle gamlingen: Bare kom De! seier han. Det fins ingen som kjenner dissa gatene bedre end jeg! Og jeg skal nok fortelle det jeg veit!

– Dei traskar vidare i fylgje. Konsulen er so forviten og truskyldig. Har so mykje aa spyrje um. Og konstabelen svarar.

I fyrsten er han elles ikkje so reint sikker paa kva han skal tru um denne flossegubben. Det er kje fritt for det osar fyll av han. Og eit par gonger er det liksom han sjanglar. Men det er vel slik med slike storkarar! Dei legg seg vel aldri edrue, dei. –

Elles er han ein koseleg gamal mann. Gjemeinsleg og beintfram. Og han er kje rædd for aa fortelja um seg sjølv, seier baade [54] kven han er og kvar han bur. Ja, so utruleg det en høyrest, bed han konstabelen heim til seg ein av dei fyrste dagane: Kom om fredags eftermiddagen! seier han. Da er jeg alltid hjemme: Generalkonsul Hansen, Valkyrjegaten 78 B, anden etasje. En rød murvilla i en have. Det staar endda et grønt lysthus under trærne til venstre. –

Og konstabelen raudnar av byrgskap og glede. Dette skal bli noko aa fortelja kona! Ho kan ha godt av aa høyre kva slags vener *han* har! –

– Dei kjem inn i ei onnor gate, likso myrk og likso søylut. Konsulen kan kje berge seg for ein eid, naar vatspyttane vert *for* djupe: Slikt skal en finne sig i, naar en betaler sine skatter! blæs han. Det er virkelig for galt!

Og konstabelen er einig: Ja, dom gjør som dom vil med folk her ute! seier han. Bare dom faar elektrisk lys og asfalt der dom bor sjøl, blaaser dom i aassen fattigfolk har det! – Han faar braatt ei kjensle av at han har tala i villska, og han prøver rette paa det: Men det er jo ikke mer enn rimelig, at dom som betaler di største skattene faar di fineste gatene, sjølsagt. Det er 'ke slik aa forstaa! –

– Men Konsulen svarar ingenting. Høyrer visst ikkje. Han er so reint still no. Det er som um han vil gjera seg so liten som [55] mogeleg, han kryp reint i skjul bak den digre konstabelkroppen. Og dei gaar tagalle. –

Men konstabelen kjem til aa hugse paa at det er førar han skal vera. Og han gir seg til aa fortelja um dei husa dei gaar framum. Fortel um mannen som hengde seg i stallen der inne, og um signekjeringa som bur paa kvisten der det lyser. Og han fortel um den gamle tiggaren som held til i kotte innanfor gluggen der, den gluggen som er dytta med ei gamal klædesfille. Han som gaar i gardane og finn brødkorpur i skuledunkane, endaa han har bankbok paa mange tusen. Og han fortel um henne som bur innanfor vindauga der baaneskriken kjem ifraa, ho som tar til seg rikfrøken-baana som sine egne, mot ein sum ein gong for alle. Og som desverre ikkje kan halde liv i dei lenger en eit aars tid. – Ja, han fortel. Og Konsulen høyrer. For han har aldri visst at det fans so mykje fælt her i verda! –

Konstabelen stanar ved eit lite gult trehus. Lampeljose skin i dei smaa vindaugo. – Der har vi «Sorgenfri»! seier han. Det har De vel ikke hørt gjete? Aa nei. Det har De nok ikke. Det er et sted De aldri kommer til aa trenge. – Han

gaar inn paa fortoge og kiker inn gjennom eitt av glasa. Og han vinkar paa Konsulen: Kom hit! kviskrar han. Kom hit, skal De se no rart!

[56] Og Konsulen er ein forviten mann naar det gjeld folkelive. Han stiltrar seg paa tærne etter. Men han er likevel ikkje so modig som konstabelen, han tør kje klemme andlite so vel inn til ruta. Men han ser likevel det han treng. Ser eit rom med seks sengjer. Ser fem gamlingar som held paa aa dra av seg klæda. Og ser ei seng burt ved døra, som staar tom. –

Han skundar seg ut i gata att, fort, rædd. Ja han smaaspring burtetter. Maa koma unda dette vesle huse, maa vekk fraa elendigheita innanfor dei lysande vindaugo. Han orkar ikkje sjaa slikt! Det er grensur for kva nervune hans toler! –

Burtpaa hyrna stanar han og ventar paa konstabelen: Stakkars folk! seier han og turkar sveiten fraa panna. – Tenk aa leve slik hele resten av live!

Men konstabelen smiler overberande: Dom har mat og hus! seier han. Det er mange som misunner dom og venter paa en plass der sjøl!

Og han fortel vidare um dei husa dei gaar framum, men det er ingen som høyrer etter. Han ved sida har lagt att alle sansane sine burt hos dei fem gamlingane. Han *kan* ikkje lenger, lyt slutte no. Og han retter handa mot konstabelen og takkar for fylgje. Jeg har nok for i kveld! seier han. Faar se [57] aa finne mig en vogn og komme hjem! Farvel, farvel!

Han skundar seg av stad. Men straks etter snur han seg att. Og han peikar med stokken mot det laage gule huse: Imorgen skal jeg se til de stakkars menneskene! seier han. Og jeg skal ikke komme tomhendt! –

Han lyfter paa hatten og svingar kring hyrna. Han er aaleine paa nytt. –

VII.

Ei osande kjellarsjapp like ved.

Skraatobaksrøyken sviv tjukk og graa under det laage take. Samlar seg kring dei to hengande parafmlampune og sveiper dei inn i eit tett taakeflor.

Gutar og gjentur har samla seg kring borda. Og dei lær mot kvarandre og lyfter glasa og skaalar. Kvite, kjøtfulle gjentearmar smyg seg kjælände kring brune, verbarka gutenakkar. Og heite, blanke augo skodar inn i kvarandre.

Millom borda gaar ei ung gjente. Ho er lett og ledig, lubbi og frisk. Ho byter ølflaskune naar dei er tome. Svingar hendig kring bordhyrno og er kjapp til aa smette unda dei lange armane som strekkjest etter henne der ho sviv. –

[58] Burt i ei ro, millom ei seks sju halvfulle gutar og gjentur, sit ein gamal, pynta mann. Flossen har han skuva bak i nakken. Nedetter den kvite vesten gaar brune strikar etter øl. Og sløyfa sit ved eine øyra.

Men han har kje tanke for slikt, er upptat med høgare ting. Han fiktar med armar og nikkar med hovud. Talar med høg røyst, held foredrag for dei unge. Manar dei til arbeid og maatehald. Peikar paa seg sjølv som eit godt fyredøme. Trur dei *han* hadde sete sorgfri og velhalden paa sine gamle dagar, dersom han hadde kasta burt tida paa leven og drikk? Trur dei det? – Men nei. Dei trur det ikkje! Dei lyfter glasa mot han og skaalar, dei unge venene. Klinkar med den kløke gamlingen og nikkar. Dei er so heilt ut einige. –

– Flaskur og glas er tome, men Konsulen merkar det ikkje. Har atter lagt i veg med ei moralpreike. Og dei unge sit og lyder paa visdomen –ei stund. Men det dreg likevel for lenge ut no. Dei gjer teikn til kvarandre. Trør kvarandre paa tærne, blinkar til kvarandre, smiler og kviskrar.

Ei feit gjente sit ved sida av Konsulen. Ho fangar blinke fraa dei andre – og forstaar. Og ho reiser seg, lyfter glase mot han, helsande: Naa foreslaar jeg at vi drekker et glas for frua til den snilde grossereren som [59] spanderer paa vors! seier ho. Er dere med paa det, godtfolk?

Konsulen høyrer brølande hurra-rop kring seg, og han ser mange glas som lyfter seg mot hans. Han reiser seg, han óg, rørd og forfjamsa. Og han lettar paa hatten og stammar og bukkar. Tusen takk, barn! seier han. Gud velsigne dere, at dere husker paa Margit! Han finn lummeduken og turkar augo, ja han staar ei stund og gøymer andlite bak han. Men so tar han seg saman og vert sterk: Hendes skaal! seier han. Lenge leve!

Og han lyfter glase og ser at det er tomt. –

– Det har vorte so underleg stilt ved borde til Konsulen. Kvar og ein sit og stirer paa sitt glas. Sit og stirer – og ventar. Men Konsulen staar der. Ristar paa flaskune, held eit par upp mot augo og kikar paa dei. Seier ingenting.

Og so gir han seg til aa grava i lummene. –

– Han har leita igjenom dei alle. Har saumfare dei, vrengt dei. Og har funne nokre faa koparslantar – tolv fatige øre.

Daa vert augo hans vikande og hjelpelause. No fins inga berging lenger. No er det slutt. No er det dauden!

– Her sit ein tretti fulle menneskje i dette rome. Nokre av dei glanar hit no. Kan [60]kje forstaa kvifor det vart so braa-stilt ved borde i roa.

Og Konsulen skynar at um eit minutt eller to vil heile sjappa vera dørgande still. Alle vil stire – paa han!

Daa retter han rygg og ser seg um, byrg og trygg. Og so ropar han med høgt maal til gjenta ved disken: Fem flasker øl hit, frøken! Og det litt fort!

– Og so er spaninga burte. Andlita snur seg fraa han. Og surringa tar til paa nytt. Gjenta kjem med ølflaskune paa eit brett. Og ho slengjer dei tome under borde og set dei fulle i staden: Takk, to kroner! seier ho. Dere maa betale med det samma!

– No har Konsulen mange augo paa seg att, men no misser han ikkje sans og samling som i sta. Han ser berre roleg paa gjenta: Jeg skal sende Dem beløpet i morgen! seier han. Har desværre glempt lommebogen min igjen hjemme!

Gjenta svarar ikkje. Let augo gaa over den gamle mannen og dei han sit saman med. So strekkjer ho seg fram over borde att. Tar til seg ei for ei av dei tunge, fulle flaskune. Og gaar mot disken med dei utan aa snu seg. –

– Det vert stilt kring borda. Ikkje eit ord av nokon. Ikkje ein lyd.

Men Konsulen sig ned paa stolen sin, ferdig. Hatten fell av han, han ansar det [61] ikkje. Han vert sparka burtetter golve, men Konsulen merkar det ikkje. –

– Daa legg den feite gjenta armen um halsen hans. Kliner seg inn til han, stryk han over kinne: Skal jeg hente boka di? spør ho. Skal jeg flye bort i «Sorgenfri» etter 'a, Konsul?

Daa slepp laatten laus. Daa kneggjar det og skrattar ved alle bord. Daa beljar karane, daa kviner gjentune. For no gaar soga fraa munn til munn um den rare gamlingen der. Han som har sete burt i roa og loge seg til grosserar. Endaa baade den eine og den andre kjenner han og veit han er ein av dei gamle fatiglemene paa «Sorgenfri». –

Konsulen spring opp, vil røme. Men dei stengjer vegen for han. Han maa kje

smette fraa dei enno; han maa halde fleire foredrag for dei, maa fortelja meir um koss dei skal koma fram i verda! Dei flokkar seg kring han fraa alle kantar, dultar han i rygg og sidur, nappar han i armar og frakkeflak. Eit par unggutar lyfter han paa akslene, han maa synast fram for alle, denne store mannen, dei maa alle faa naade til aa hylle han!

Det gaar rundt for Konsulen. Han greier kje styre seg lenger. Stokken har han faatt med seg, den lyfter han over hovude, skal liksom berge han. Og so med eitt gir han seg til aa hogge ned i flokken. Slaar i kring seg so [62] hardt han orkar, sigtar etter andlit og fryder seg naar han raakar eit auga eller ein kjake. Han er ein krigar no, ein krigar til hest som kjempar seg fram gjennom fienden. –

– Men so vert han riven ned av hesten. Og fienden kastar seg over han. Slaar og spenner. Riv og slit. Men Konsulen er ein tapper krigar, vil kjempe til siste stund. Det er fyrst naar kreftene ikkje rekk til lenger, at han gir seg. Daa lyt han finne seg i at fienden slepar han burtetter golve. Gir kje ein lyd fraa seg daa dei opnar døra og slengjer han ut. –

– Han kjem til seg sjølv ved at ein ruskar i han. Daa han slaar augo upp, ser han ein konstabel staa over seg. – Han har helst hug til aa sovne fraa alt att, eller gli burt millom hendene paa den digre mannen. Men konstabelen lyfter han vart upp, finn hatten og stokken og byrstar av han: Jasaa, har dom overfaldt Dere naa, generalkonsul! seier han. Ja, det var naa vaagelig av Dere aa gaa aaleine utover her!

Konsulen kulsar. Har visst sove her paa fortoge. Han hakkar tenner og skjelv. Snur seg fraa konstabelen, det er kje verdt han ser han i augo no. – Han vert staa'ande slik ei stund, uviss. Veit kje rett koss han skal ta det, anten han skal halde paa vyrnaden eller [63] gi seg over. Men so kjem konstabelen han til hjelp: Har dom tat no fra Dere? spør han. Det er best De kjenner etter!

Og Konsulen grev i brystlumma si. Og so retter han rygg: Jeg har mistet lommebogen! seier han. Men la dem bare beholde den. Det var vist ikke mer end et par hundre kroner! –

Han vil gi handa til konstabelen, men han tar kje i mot. Kan kje gaa ifraa gamlingen her. Faar fylgje eit stykke nedetter. Det hjelper ikkje at Konsulen seier han greier seg aaleine. Konstabelen gaar kje ifraa han. Og det er inga onnor raad en aa gi seg i veg. –

– Dei kjem ned i dei store gatune. I gatur med ljøs og sporvogner og mange menneskje. Og Konsulen vil ta farvel paa nytt, men konstabelen slepper han ikkje. Held seg paa sida av han, tagall, aalvorleg. Fyrst daa dei kjem til eit lite torg, opnar han munnen: De faar bli med hit bort! seier han og skraar ut paa torge. Og Konsulen tør kje mukke. Han gaar med.

Det staar ein automobil midt paa torge. Chaufføren sit og halvsøv, men konstabelen vekker han: Kjør denna herren hjem fort! seier han. Generalkonsul Hansen, Valkyrjegaten 78 B.

Konsulen ser paa dei, ser paa bilen og Chaufføren og konstabelen. Og ser seg rundt, [64] um det skulde vera eit hol aa smette ut av. Men det er raadlaust alt. So sukker han djupt og gaar inn i vogna. –

– Det susar ein bil gjennom gatune. Borar seg fram millom vogner og dyr. Tutar og varslar og braasvingar kring hyrno. Har lita tid; skal langt avstad. –

Men i eine hyrna av den myrke vogna sit ein gamal mann og skjelv. Kikar forskræmd ut av vindaugo, graateferdig over den store farta. Vilde so gjerne opne døra og røme fyrr det vart for seint. Men tør ikkje. Maa sitja her. Maa finne seg i aa rulle utetter. Lenger og lenger burt fraa der han høyrer heime. – Han let att augo. Og bilæte av eit lite gult hus stig fram for han. Og eit rom med mange sengjer. Og millom desse *ei* seng. Ei mjuk seng med eit godt, varmt ullteppe. –

Han tykkjer han høyrer snurking av sovande, velnøgde gamlingar. Og han faar hug til aa leggje seg, han og. Vil breie ullteppe godt over seg. Og sova til langt paa dagen i morgo. –

Daa stanar bilen med ein rykk, og Konsulen skvett upp og gnir augo. Chaufføren staar i vogndøra og tar til lua: Naa er vi framme! seier han. Naa faar Dere gaa ut! Og Konsulen stig ned paa fortoge.

Han ser eit jarnstakitt og ein raud murvilla [65] innanfor. Og han ser ein mann som staar med framstrekt hand og ventar paa pengar.

Det vert for mykje for han, han greier det ikkje lenger, sig saman under alt dette. Dei glid vekk fraa han alle hans minne fraa i dag. Han gløymer ho Margit og generalkonsulen, gløymer Holmenkollen og den store kafeen. Gløymer A/S Fredriksens sønner og sin eigen vesle forretning. Gløymer alt og alle fraa farne tider. Hugsar berre ein einaste ting i heile vide verda no: At han er ein gamal fatig, sliten stakar som staar trøytt til dauden langt, langt burte fraa heimen. – –

Han sjanglar burt til stakitte og grip fast i det. Og so kjem taarune.

Chaufføren kan kje forstaa kvifor denne gamlingen gir seg til aa snufse slik her utanfor heimen sin. Fekk hjelpe han inn, kroken! Var synd aa la han staa her!

Han vil leie han, men no vert han reint rusk, gamlingen. Stritar i mot og bed for seg. Grip fast i stakitte og set bukkebein. Er kje til aa rugge. Og han tiggar so tunt um at han maa faa vera i fred. At han maa faa staa her han staar. For han har ingenting i den villaen aa gjera!

Daa ser chaufføren paa han. Og so lyt Konsulen skrifte. –

[66] – Enkemandam Nilsen gaar att og fram utanfor «Sorgenfri». Det er langt paa natt, og kaldt. Ho har tulla eit stort sjal um seg, men likevel skjelv ho over all kroppen. Hjartefrys. Og ho kjenner seg so uroleg og rædd.

– Daa tutar eit automobilhorn langt burte. Og ho stirer burtetter gata. Ser to gloande augo som nærmar seg med rasande fart. Og høyrer ei surrande during.

– Bilen stanar like utanfor porten og ein gamal mann stig ut. Han retter handa til chaufføren og takkar so mange tusen gonger. Dette var ei teneste han aldri skulde gløyme! Og han svingar hatten daa bilen snur og flyg tilbake. –

Jeg har venta paa Dere! seier madam Nilsen, ho tar imot han i porten. Han staar ei stund fyrr han svarar. So retter han seg: Hu vilde ikke la mig sleppe før, søstera mi! seier han. Men saa spanderte hu automobil paa mig hjemover! –

– So gaar han inn porten.

DEN STORE SONEN

Det er tidleg morgon. Klokka gaar til sju. Alle gamlingane søv, med undantak av han Henrik i senga. Han ligg og kaldrøykjer paa pipa si, og det smell i dei turre lippune. – Han lyt alltid ha seg slik ein kaldrøyk paa morgonkvisten, han Henrik. Det skadde daa ingen um han smatta litt paa pipestubben, naar han ikkje kveikte paa. Det ledar seg eitkvart burtved vindauga. Det er bladkona som slengjer inn avisen. Og han Henrik stiltrar upp og faar tak i han. Lyt skunde seg med' dei andre søv. For no vil han ha seg ei koseleg stund med pipa og det [68] kjære gamle blade. Berre no dei andre vilde snurke ei stund til! Dei tykkjest ha

like rett til aa vera fyrstemann til aa lesa det alle, maatru! For dei spleisa ti øre maanaden kvar til bladpengane. –

– – Han har lese mange sidur fulle av ulukkur og tjuveri. No tar han til med lysingane. Og han stavar samvitsfullt kvart namn i dødslysingane. Tenkjer etter um han har kjenningar millom dei farne eller dei som syrgjer. Deretter kjem han til dei andre lysingane, og han les line for line utan aa finne noko sers forvirnelegt – til han med eitt retter seg upp. Og han let peikefingen fylgje ord for ord i den lysinga som har vekt han slik, og han les ein gong til:

Frelsesarméen.

Major Henrichsen besøker byen i disse dage og leder store møter i Templet hver aften kl. 8. Fredag førstkommende leder han et stort frelsesmøte i Tivoli sirkus. Alle hjertelig velkomne! –

– Han Henrik var kje god til aa liggje etter dette. Han drog paa seg hosur og brok. Og han kika inn i andlita paa dei som sov, um dei ikkje trast vilde vakne no. Var daa meiningslaust aa liggje slik og dra seg heile dagen! Han som hadde *slike* ting aa fortelja dei!

[69] – Men han var flink til aa halde seg likevel, han Henrik. Fortalde kje eit livande ord so lenge karane sat med blade. Det var fyrst daa kaffien var komen, daa dei slurpa i seg den, at han let det gaa hol: Har dere lest blade i dag, gutter? spurde han.

Det var ingen som iddest svara. Han visste daa likso godt som dei sjølve, at dei var ferdige med det no. – Men han Henrik venta nok ikkje svar heller, for han heldt vidare fram med same: Det var noe jeg vilde vise dere, karer! sa han, og fann fram det med majoren og sirkus: Les det, Konsul! Hør etter naa, gutter!

Og Konsulen las. Las kvart orde. Men ingen av karane forstod eit mukk. Ja, han Anton Graabein vart reint sint fordi han skulde heftast med dette frelsesmøte ned paa Tivoli. Aa skjeller det vors? beit han. Vi har da 'ke raad til aa gaa slike steder!

Men daa smilte han Henrik. Og han vart litt høgare en til kvardags: Det kunde hende at jeg kunde greie denna saka! sa han. Det kunde hende at *jeg* kunde skaffe dere billett alle sammen, karer! – No lyfte dei augo mot han alle, og gummane gløynde aa gumle: *Du* skaffe oss billett? gjøna Diktaren. Ja, greier du det, skal jeg dikte ei vise til di ære, Henrik far! Og jeg skal ikke spara paa versa!

[70] Han Henrik ansa ikkje tøys. Han berre peika i blade att: Aa staar det der, Konsul? Kan du lesa skrift, get!

Og Konsulen fylgde peikefingen: Major Henrichsen! las han. Det er vel ikke vrangere namne!

Men han Henrik smilte breiare en fyrr: Den mannen kjenner jeg! sa han. Veit dere hvem det er, karer?

Dei lest vera likesæle, gamlingane, men dei kunde no kje løyne at dei i grunnen var fælände forhipne paa aa faa vita kva han Henrik hadde bak øyra: Ikke kjenner vi noen major, og ikke trenger vi noen! sa han Petter Loppa. – Naa vil vi ikke høre mer om detta tøyse. – Har du støli tobak fra mig i natt igjen, Graabein?

Men no greidde han ikkje halde seg lenger, han Henrik. Og han rette so godt han kunde paa den krøkte ryggen: Jeg vil bare si dere det, at major Henrichsen er sønn' min! sa han.

Ja, det var bare det jeg vilde fortelle! – Det var kje fritt for at han skalv litt i maale daa han sa det. Og lippune hoppa so underleg. –

– Han hadde venta at dei skulde sprette upp fraa stolane, han Henrik. Ja, han hadde so smaatt gledt seg til at dei skulde ringe seg um han og grava og spyrje um vidundersonen. Men det gjekk ikkje fyre seg nett [71] slik, nei. Dei hadde lært seg til aa ta verda med ro, gamlingane. Miste kje sansen for smaating. No gav dei seg til aa gnavle sitt brød og slurpe sin kaffi som um ikkje eit ord var sagt. Han maatte aldri innbille seg slikt som at *dei* var imponera, den gode Henrik'n!

– Han Henrik blei so flat og gamal der han stod og venta paa eit ord. Men so tok sinne han. Og han bynte aa banne desse elendige, gamle sluskane som inkje vilde skyne. Han lukta nok lunta, gjorde han! Forstod nok at dei no sat der sprekkeferdige av avindsjuke, svina, fordi dei ikkje *hadde* slik ein unge! Men dei skulde skamme seg! For ingen av dei var sopass til kar at dei *hadde* ein son – utan han Anton Graabein, daa! Men slik ein son var det vel best aa be Vaarherre fri seg for! For kva *han* var, visste daa alle! – Elles var dei no ikkje sopass verdt at han vilde tala eit ord til dei, etter denne dag! Og no kom sonen hans og fridde han ut or «Sorgenfri», so no slapp han vera saman med slike fæle folk lenger, gudskjelovogtak!

– Han turka sinne-taarune av kinna med handbaken. Og so jumpa han i seng

og grov seg vel ned. –

Men dei andre sat til dei var ferdige. Og daa dei langt um lenge tok til aa prate, var det vere dei tala um. – Han Petter Loppa gjekk til vindauga og stelte seg til aa glana [72] paa himmelen: Det *blir* nok snart uvêr naa! sa han. Ja, gi' det vilde bryte laus, saa en blei litt freskere!

So snudde han seg mot dei andre att: Forresten er det vel ikke saa stort aa skryte av, at en har en søn som opptrær paa sirkus! meinte han. Jeg har sjøl opptraatt paa sirkus jeg, i min ungdom. Ja, jeg har kasta mig paa hue ner fra hver evige sirkuskuppel i hele Europa jeg, om vi skal snakke om det. Baade for konger og keiserer. Men ikke saan at jeg vil skryte av det. Men saa mye sier jeg dig, Henrik: Kommer du en dag og forteller at denna sønn' din, denna majoren, har gjort kunstene mine etter; at han har kasta sig fra sirkuskuppelen ner i vassgrava i manegen med klæda i lys lue – ja da har du lov til aa vera kry! Men saa lenge han bare tør staa paa ei plattform og fekte med armene og klappe i nevane, saa lenge skulde du helst ikke nevne at du har noen søn, gutten min! Det er naa meninga mi!

– Dei andre la ikkje i mot. Var visst einige. –

Han Henrik vart liggjande ut over formiddagen. Las idugt i bibelen. Og stundimillom nesta han hendene og leda lippune. Laut ta att det no, at han hadde banna so stygt i dag tidleg! –

[73] Dei andre var ute i gardsrome. Sat paa krakkane der og sola seg og røykte. Berre Konsulen var inne. Han hadde sete og lese som vanleg. No reiste han seg og tok nokre slag millom sengjene. Laut rette ryggen lite grand. –

Han stanar framfor han Henrik og ser paa han. So set han seg paa sengekanten hos han: Han kommer vel opp og ser til dig i dag, sønnen din, seier han. – Naa naar han er i byen likevel. –

Han Henrik ser kje upp. Svarar ikkje. Men Konsulen let seg ikkje skræme: Det er bare det, seier han, at dersom du vil laane diplomaten min, kan du gjerne faa lov. Jeg bruker 'n ikke likevel, naa om dagen! No ser han Henrik upp: Aa skal jeg med den hovne diplomaten din? spør han. Har jeg spørt om aa faa laane 'n? Konsulen er like roleg og laagmælt: – Jeg tenkte det var morosamt aa vera fin, jeg! seier han. Naar naa *han* kommer, saa. –

No kastar han Henrik seg over paa andre sida: Ha diplomaten din sjøl du,

Konsul! Du klær 'n bedre!

– Togn. Konsulen ventar eit par ord til, men dei kjem ikkje. Daa reiser han seg og gaar burt til seg sjølv. Og han finn seg noko aa lesa i att.

– Han er kje langt komen, fyrr han [74] Henrik er burt hos han: La mig prøve den diplomaten din da! seier han. Saa har du ikke det aa si, at jeg er vrien. Men skynt dig før dom andre kommer!

Det gaar ein smil over det kloke andlite til Konsulen. Og han reiser seg og finn fram ein nykel han ber i ein hyssing kring halsen. Og han legg seg paa kne burt i roa ved senga si. Og han opnar eit knirkande kuffertlok og trivlar litt millom nokre klæde der nede. Og so lyfter han diplomaten i vere. –

– Ein halv time seinare gaar han Henrik og spankulerar millom sengjene. Andlite hans skin av grønsaape, og styvlane er so blanke som ein med rimelegheit kan krevje av beksaumstyvlar som i dag for fyrste gong har smaka blanksverte. Men det finaste av alt er no diplomaten som heng so romsleg paa dei runde akslene. Diplomaten som gøymer den skitne skjurta og frynsune ved broklummune og hole i buksebaken. –

Konsulen staar med byrsten i handa og kastar det siste auga paa festbunaden: Naa kan du gjerne gaa til kongen! dømer han. Majoren kan komma aa tid han vil! –

– Han Henrik hadde til dagleg ord for aa vera ein stilsleg, tolsam mann. Men det vilde vera synd aa seia at han tok det med ro i dag. Klokka skulde han ha greie paa kvar femte minutt. Den andre tida bruka han til [75] aa liggje i vindaugskarmen, trass i det at Konsulen gav vondord fordi han skrukka til diplomaten. Men det var nyttelaust aa tala til han Henrik i dag! Han maa snart vera her naa! heldt han paa. – Jeg skal vaage paa han er her om ti minutter! – Og han tok seg kje nær av fantord. Han var viss paa det, at dei hadde vore likso forhipne dei andre, dersom *dei* hadde havt ein son aa vente paa – ein som ikkje hadde vore aa sjaa paa fem aar. – Men det gjekk mange gonger ti minuttar, og ingen major kom det. Han Henrik fekk sterkare og sterkare feber. Han orka kje halde seg i hus heller no. Strauk ut paa gata og drog berrhovda att og fram millom «Sorgenfri» og gatehyrna. Glante nedetter gata, og skunda seg burt til «Sorgenfri» att. Livande rædd for at den han venta skulde ha kome ein annan veg. –

– Og det underlege hende, at feberens smitta dei andre og no. Dei pynta seg dei og, tok paa seg det likaste dei aatte. Og dei reidde upp sengjene so teppa laag glatte og strokne. Og dei fekk tenestgjenta til aa sope golve betre en til dagleg, og dei sette dør og vindauga paa vid vegg, so det vart frisk gjennomtrekk. Og dei sputta kje paa golve ein einaste ein av dei. Han skulde faa sjaa det, denne majoren, at det var skikkelege folk faren hans [76] budde i hop med! Dei skulde vise han at dei var kje noko fantepak!

– Men dagen gjekk og majoren kom ikkje. Og det gjekk fleire dagar. Dagar med diplomat og reint golv og glatte sengjer og gjennomtrekk. Men det var desverre ingen andre som fekk godt av dette en gamlingane sjølve. –

Han Henrik laag vaken kvar morgon, ferdig til aa gripe blade med same det vart slengt inn. Og han slukte kvart orde som var skrive um den store sonen. – Det var eit herrens vêr som fylgde han, ei herleg vekkjing der han drog fram, etter det blade skreiv. Folk slost um aa koma inn i Temple, fyllte det velduge lokale kveld etter kveld. Og større og større vart tale paa dei som kasta seg ned ved botsbenken og bad um frelse. –

Han tilgav sonen sin kvar morgon naar han las um slikt, han Henrik. Han hadde daa so mykje aa gjera, stakkaren! Dei vilde vel ikkje sleppe han laus, dei der nede! –

Men naar det leid litt ut paa dagen, naar han hadde sprunge seg trøytt millom gamleheimen og gatehyrna – ja daa var det kje fritt anna han banna lite grand over dei der nede! Dese farisæarane som ikkje unnte ein gamal krok ei lita glede! –

– Og fredagen kom. Den store fredagen [77] med kjempemøte i sirkus! Dei stod upp i otta alle dei seks gamlingane i dag. Det laag liksom i lufta at i dag var dagen. I dag *maatte* han koma. Det var kje aa tvile paa det!

Det var elles merkelegt med det. Dei hadde liksom faatt part i sonen alle saman, desse dagane dei gjekk og venta paa han. Han var kje berre guten hans Henrik lenger, no. Det var *majoren* dei venta. Majoren som var dei ei vitjing skuldig. Majoren som hadde lova aa ta dei med paa sirkusmøte i kveld! –

Og dei flidde seg i dag endaa umstendegare en fyrr. Ja dei raka seg og kjemde seg heile skokken, med undantak av han Henrik og han Teodor Tull, som korkje aatte haar eller skjegg. Og gjenta laut bruke byrste og vatn og saape i dag.

Dei stod sjølv over henne og passa paa at ho ikkje sluska unda med aa bruke sopelimen.

– Han Teodor Tull som slapp hefte tida burt med raking, hadde stole seg ut, utan aa seia ifraa. Men nett med same gjenta var ferdig med golve, kom han til syne i døra, smilande og straalande. Og han heldt ein stor bundel blomar i vêre, blomar han hadde plukka paa løkka, hestebloom og smørblom og prestekrage.

Han kommandera gjenta ut etter ei mjølkemugge, og han fyllte mugga med vatn og sette ho midt paa borde med blomane i. Og han [78] saag byrg paa dei andre og spurde um det ikkje var nydeleg dette. Og det var ingen som kunde negte at det *var* staselegt med blomar paa borde. Det skulde dei alltid ha etter denne dag! –

– Men han Henrik stod alt paa hyrna og stirde. Stirde oppetter og nedetter. Og naar ei kalesjevogn kom rullande mot han, vart han so anterera at hjarta flaug upp i halsen paa han. Det var klaart at han kom køyrande, guten! Sjølv sagt trong kje han aa gaa slike lange vegjer! –

– Etter som tida leid, kom ein etter ein av dei andre burt til han. Hadde kje ro heime i dag, dei heller! Laut ut og sjaa folk!

– Og snart stod alle der og hjelpte kvarandre med aa stire. Alle saman, med undantak av han Teodor Tull. For han hadde rusla den motsette vegen. Sikker paa at det var *den* vegen han kom. –

– Men det hjelpte ingenting alt det dei stirde. Det hjelpte ikkje at dei stod her og gløynde middagsmaten og alt. Ingen av dei som drog forbi hadde ærend til det vesle gulmaala huse burt i bakgata. Ingen hadde noko aa gjera i gamleheimen «Sorgenfri». –

– – Og dagen gjekk, og det vart natt. Og det vart morgon paa nytt.

Men den morgonen var kje han Henrik aaleine um aa vera tidleg vaken. Dei skunda [79] seg upp alle, og venta paa blade. Og daa det endeleg vart kasta inn, var Loppa kjappast til aa gripe det. Men dei andre stod kring han i spaning med' han opna og leita etter det dei hadde bruk for.

Um ei stund fann han det. Og han tok til aa lesa.

– Det var eit langt referat fraa det store møte i gaar. Det fortalde um eit stappande fullt hus, og um 44 menneskje ved botsbenken. Men slutten var slik:

Efter møtet reiste majoren med nattoget til Kjøbenhavn, hvor han skal lede store møter under kongressen næste uke.

– Det vart lenge stilt. Gamlingane fatta kje heilt meininga med same. Den fyrste som forstod, var han Anton Graabein. Han klaska dei digre nevane mot kvarandre so det small. Og so sende han ein diger tobaksstraale midt paa det reinvaska golve: Aa hadde jeg han her! knurra han. Aa, hadde jeg han bare her!

– Han Teodor Tull var kje langt etter. Han treiv vassmugga og kylte ho i veggen. Og vatn og blomar og potteskaar spreiddest over sengjer og golv. Daa sette han Teodor i med ein skrellande laatt. Og so strauk han paa dør. –

– Men han Henrik hadde vorte endaa bleikare og meir samankropen en elles. Han [80] hørde inkje av fantorda som hagla ned over han. Han bynte berre aa klæ av seg. Drog smaatt av seg diplomaten og kragen og den gilde sløyfa. Drog av seg broka og dei blanke styvlane. Og han la alt saman pent fraa seg paa kufferten til Konsulen. Sa kje eit ord til takk for laane. Gjorde kje ein nikk. Gjekk reint i ørska. – Men han fann daa senga si, likevel.

Og det varde lenge fyrr han stod upp att.

DET SISTE RUNDKASTE

Han er myrk i hug, Petter Pettersen Loppa, der han sit paa trappesteinen utanfor porten i kveldinga. Det har vorte so elendig trist no med eitt, tilvære. Harmeleg og! No som alt hadde vore so bra ei stund. Karane hadde vore blide og umgjengelege og mest ikkje trætta ein einaste gong dei siste vikune. Og ryggen hadde vore rimeleg og, i det stille vêre. Var mest ikkje til aa kjenne, flyginga og stikkinga, som elles var so jamn til aa plaage natt og dag, og som snaudt hadde unnt han ei fredeleg natt sidan den lange [82] sjukelega der burt i St. Petersburg etter det faarlege falle for mange, mange aar sidan.

Og so skulde dette koma no! Aa ja! Det var vel ikkje anna aa vente! Ein skulde kje ha det for hyggjelegt her i verda, maatru!

– Han hadde vore i slikt godlag heile dagen, ja han trudde mest han hadde sunge paa fastande hjarta. Og han hadde gjøna med tenestgjenta ut i kjøkene i formiddag, og ho hadde vore koseleg som aldri fyrr. Og han hadde fortalt um

reisene sine og alle dei underlege eventyra til karane i efta, og dei hadde vore meir forvitne en nokon gong tidlegare. Um det so var han Teodor Tull so hadde han halde kjeft. Hadde kje knist ein einaste gong. –

Men *daa* var det at Graabein nytta det gode høve og kviskra han i øyra og baud han med paa eit slag sveis i kveld, naar dei andre hadde sovna. Og *daa* var det at han ikkje orka bera det over sitt hjarta aa negte Graabein hans dyraste glede. Daa var det han nikka og gav han sin lovnad.

– Og etter *det* var det han gjekk inn til madam Nilsen og bad henne hjelpe seg med ei halv krone til tobak.

– Ho var i grinehyrna sitt i dag, det saag han med same. Ho bar aldri hovudturklæ elles. No hadde ho gøymt heile andlite, so mest berre nasen stakk fram, og ho rudde [83] idugt i krokane og slengde klædesfillur hit og dit.

– Var det noe? spurde ho. Ho prøvde smile, men Loppa tykte kje han var svært smeltande den smilen. – Han stod ved døra, helst huga paa aa snu:

– Jeg tenkte bare aa faa laane ei halv krone naa i kveld! sa han. Jeg skal betale om no'n daer, naar jeg faar penger! Madam Nilsen gav seg til aa ble i ei lita bok som laag i eit skrin paa borde: – Jeg ser De skylder mig seks kroner før, Pettersen! sa ho. Det kan vera nok! De har forresten ikke raad til aa spelle bort øra Deres til han Anton, saa fattig som *De* er! Og ikke tar det sig ut at De tigger folk som gaar framom paa gata, etter tobak heller, naar De har spelt Dere blank! De hører jeg veit baade det ene og det andre!

– Ja slik var det ho sa. Høgt og tydeleg sa ho dei, alle desse fæle, harde orda!

Han hadde traava rundt i gardsrome daa han kom ut. Reint tumsen. Sidan hadde han kasta seg paa senga inne, men straks sprunge upp att og gaatt ein lang tur burtetter gata. Men det nytta korkje aa prøve sovne eller røme fraa orda. Dei hadde bite seg for godt fast til det. So hadde han sett seg beint ned her. Ein fekk vera paa jorda um ho var heit! Det nytta kje aa ta seg so nær av eit par ord, [84] som truleg ikkje var so faarleg meint. Og i grunnen var dei no so inderleg sanne. –

Han prøver gong paa gong seia til seg sjølv at ho var i sin fulle rett, madamen, naar ho tala reint ut til han. Det *var* inga meining i denne kortspellinga ved ein ljossstubb natters tider av to slike gamlingar som han og Graabein. Men ho skulde kje sagt det slik. Og ho skulde kje passa paa aa seia det naar ho var i

hovudturklæ-hyrna. – Dessutan var det ingen *grunn* til aa negte han den stakkars halvkrone. Han kunde ha lova henne aa ikkje spele ho burt, og daa veit ho han hadde halde ord. Og han *skulde* betale henne tilbake, so fort han fekk pengar. For det var kje godt aa vita: Det kunde koma vatn i ein tom brunn tidlegare en nokon vardest! –

– Han arbeider seg litt etter litt upp i eit sinne mot dette stygge menneskje. Aa, naar han tenkte etter koss ho hadde bore seg sume tider! Det var nok ikkje berre i dag ho hadde synt arta si! Han trong kje leite lenge i minne for aa finne andre dagar som heller ikkje hadde vore so morosame! – Han turvte kje gaa lenger tilbake i tida en til i fjor haust. Den 27. august var det endaa; gebursdagen hans. Han hadde faatt 3 dollars fraa brorsonen sin i Amerika, til tobak og slikt smaatteri. Men kven vart ved *dei*, tru? Jau, det var madamen, det! Ho tok dei til [85] seg ho, og let han faa dei att i smaaslumpar paa ei krone vika, som um det var naadeskillingar *ho* gav han. Det var for at dei andre ikkje skulde narre pengane fraa han! sa ho. Som um ikkje han var vaksen kar og visste kva han gjorde! Ho kunde vera glad til at han ikkje melde henne den gongen. For tjuveril For det hadde ho ærleg fortent!

– Eller den gongen her i vinter daa? Jolekvelden til og med! Daa ho truga han til aa klæ seg splittrande naken og bade heile kroppen – endaa ho inderleg vel visste at han ikkje tolde slikt vinters-tider. Vart han ikkje forkjølt og? Han tyktest tydeleg hugse det! Var kje *det* og straffbart, aa prøve ta live av eit menneskje, endaa um han var berre ein fatig, gamal krok? Aa jau! Ho fekk passe seg litt, madamen!

Elles skulde ho sleppe pine han lenger no! Dette var siste gongen! Det var svore! Han var kje lik dei andre han, at han fann seg i likt og ulikt og var like blid. Men stakkars dei! Dei var lenka til «Sorgenfri», dei! Hadde kje ein utveg i bakhanda, som han. Og so mykje tør han seia, der han sit no: Det skal kje gaa'so mange dagane, fyrr ein av dei sengjene der inne skal staa tome! So sant han liver og har helsa, daa! –

– Loppa tar eit raudt, samanbretta papir upp or innarlumma. Og han bretter det ut [86] over knee. Gudskjelov, at han tok imot, den kvelden guten gjekk og deilte ut! Han trudde fyrst det var ein kinematograf-plakat eller slikt tøys, og vilde kaste det. Men so kom han til aa sjaa litt paa setelen – og daa stakk han han

til seg. –

Det er ein sirkusplakat han har fyre seg. *Sirkus Lindelo* staar det med store bokstavar. Og nedetter plakaten staar ei lang rekkje med merkelege og vridne namn. Det er ryttarar og linedansarar, det er slangemenneskje og bajassar, det er sterke menn og vakre kvende, det er dansande hestar og ballanserande griser, og andre underlege ting. Og nedst paa plakaten staar desse orda: Hjertelig velkomne! Ærbødigst Enrico Martino, direktør. –

– Loppa ser upp. Utanfor portrome ved sida flyg ein ungeflokk og held leven. Og paa hyrna staar tri-fire fyllesluskar og trættar. Best aa koma vekk herifraa. Det kunde vera fort gjort at ein reiv plakaten ut av hendene paa han, naar han sat i eigne tankar. –

Han gaar inn i gardsrome. Det er ingen av gamlingane der no. Er vel inne og et kveldsgrauten. Men Loppa er kje svolten. Og heller ikkje er han huga paa aa høyre paa det seige prate der inne. Han kjenner trong til aa vera aaleine ei stund no, ei lita stund aaleine med den raude plakaten.

Han gaar framum dei læste vedskjula, [87] skundar seg burt til eit skur som staar for seg sjølv i andre enden av gardsrome. I det tome vognskjule plar han faa sitja i fred. Dei har aldri ærend hit, dei andre. Han set seg paa ei tomkasse under ein vegg-glugge. Og plakaten lyt atter fram.

– Mange av dei vridne namna er nye, endaa han tykkjer klangen av dei fleste har noko kjent ved seg. Men sume av namna kjenner han vel, sume av dei er av dei egte, ubrigdande namna som i mannsalder etter mannsalder har straala fraa plakatar og program verda over. – Ærbødigst Enrico Martino! staar det. Enrico! Henrik' guten! Jøss kor vel han hugsa han fraa den tida han reiste i sirkus saman med far hans gjenom Sverige! Han var berre fem aar gamal, den gongen, han Henrik. Hadde enno ikkje krope inn i trikoten. Men du gilde tid kor stiv han sat paa fange til Loppa og slukte kvart orde han fortalde um den store verda! Og slik som han øvde seg seint og tidleg og vilde bli flink, so *han* og ein gong kunde bli verdig til aa hoppe ut i verda paa eigne bein!

– Loppa stirer fram for seg. Og dei rotne bordveggjene kverv burt. Og det laage take lyfter seg til ein høg kuppel. Og surring av mange menneskje naar øyro hans, og klunking av felur som vert stemde i orkestre. Og han kjenner ei eiga lukt av [88] stall, og han høyrer svipur som smell i ryttargangen. Og det velduge lokale

fløymer i ljøs, og det glitrar og skin i uniformer. –

– Men so glid alt vekk. Tunge steg gaar framum, ikkje langt unda. Og eit gamalt haast maal brummar halvt for seg sjølv:

Aa kan han ha gjort av sig, denna Loppesjæla naa da, mon? Grauten hans blir kald naa! Ja, ja. Det faar naa bli hans sak! –

Daa er Loppa ikkje i sirkus lenger. No velter «Sorgenfri» inn paa han att. «Sorgenfri» og madamen! – Han staar still til Graabein har gaatt inn att. So ruslar han etter same vegen. Men han tenkjer med seg sjølv, der han gaar: Dei skal sleppe bry seg med grauten hans, etter denne dag. Han skal ikkje vera korkje madamen eller andre i vegen. For han har gudskjelov andre aa gaa til!

– Han seier ikkje eit ord til nokon av karane, daa han kjem inn. Riv av seg klæda og gaar til sengs med same.

– Grauten din staar paa nattborde ditt! seier Graabein. Men Loppa ristar paa hovude. Skal ingen graut ha! –

– Men grautfate er no likevel tomt, daa dei staar upp næste dagen. –

II.

[89] Loppa er tidleg uppe morgonen etter. Slurpar i seg kaffien mest utan aa bite i maten. Har kje stunder til aa sitja roleg. Det ser reint ut til at han vil tevla med han Teodor Tull i aa traave att og fram millom sengjene. –

– Han set paa dør straks han har faatt i seg siste dropen. Ut i gangen møter han madamen. Ho kjem med reine laken, skal skifte paa sengjene. Ho er berhovda i dag, og straalande blid. Ho smiler mot Loppa daa ho gaar framum. So kjem ho paa eitkvart, og stanar: Det er sant, Pettersen! seier ho. Jeg kom til at tenke paa at det kanskje var synd aa negte Dere den halvkrona. Vent litt naa, saa skal jeg gaa inn etter, til Dere!

Men Loppa lær. Ein turr, kneggjande laatt: Aa nei! Behold penga Deres sjøl, De madam! seier han. Jeg haaper jeg med guds hjelp skal klare mig foruten baade Dere og «Sorgenfri» heretter!

Han stabbar fort ut.

– Han staar utanfor det store, kvite, runde sirkustelte. Plankegjerde kringum er overklistra med gilde mangefarga plakatar. Bilæte av dyr og menneskje,

halvnakne karar og kvende, nokre staar paa hovude, andre [90] paa beina, nokre flyg i lufta, andre dansar paa hesteryggjer.

Loppa ser paa bilæta. Lenge. So sukkar han tungt og gaar inn porten. –

– Han staar inn i telte. Ei bogelampe heng i take og lyser upp. Loppa ser seg ikring. Desse tome benkjene ser so fatigslege ut no i halvmyrkre. Skulde kje tru at det nokon gong kunde vera fest ved dei. –

Trapetsar og ringar heng ned fraa take, heng so laagt at han kan naa dei. Han grip fat i ein av dei, held fast i den kalde messingen. – So skyv han til – og trapetsen svingar att og fram i store bogar. Loppa fylgjer han med augo. Det er som um han ynskjer aa svive med. –

Eit forheng i eine enden av telte vert drege til sides, og ein mann ropar til han: De faar komma her! seier han. Direktøren sitter inn paa kontore!

Og Loppa fylgjer. –

– Ein tjukk, raudsprengd mann sit ved eit bord med nokre rekneskapar framfor seg. Han ser kje paa han ved døra, gjer berre ein liten nikk: Hvad vil Ni? spør han. Maale er graute og haast og han bryt paa svensk. Loppa staar med hatten i handa og bukkar: Det var direktøren! seier han. Det var han sjøl jeg vilde snakke med.

Mannen peikar mot ein stol: Sit ned og [91] si fram! seier han. Jag har mycket att gjøra!

Men Loppa staar der han staar: Det var direktøren sjøl! tar han upp att. Det var han Henrik, det var han Enrico Martino jeg vilde ha tak i.

No snur mannen seg mot han. Og han set brillur paa den raude, kjøtfulle nasen: Og jag seger Er att *jag* er direktøren! bit han. *Jag* er Enrico Martino! Men inte nytter det om Ni kommer hit for aa tigge, inte! For jag gir inte ved dørene!

Loppa hissar paa akslene, som han altid gjer naar han er sint. Men straks etter dreg han paa smilen, er kje god for anna: Enrico Martino, den feite raudhaaringen der? Aa nei! Dei saag nok anleis ut, dei karane! Svarte i haar og augo, senar og musklar og inkje feit, slik var dei skapte, Martino-ane! Slik var han Henrik, og slik var far hans. –

Han ser roleg paa mannen: Ikke er jeg noen tigger, og ikke er De den rette Enrico Martino! seier han fast. Saa mye vil jeg si Dere!

– Det gaar eit drag av undring over det posne andlite. Svært til kjeft paa den gamle fanten! Han reiser seg og gaar burt til gamlen, som staar der ved døra, utan aa setja seg: Hur saag *han* ut daa? smiler han. Hur saag han ut, den *rette* Enrico Martino daa?

Og Loppa fortel. Fortel um Henrik'guten [92] og far hans. Fortel um Sverige og sirkus.

Og fortel um seg sjølv. –

– Det vert ei togn daa han er ferdig. Direktøren har vorte blidare og meir smilande etter kvart. No gaar han burt i skape og finn flaske og glas: Skaal Loppa! seier han. Skaal kammerat!

– Det vart drukke mange drammar derinne paa det vesle kontore. Og direktøren var pratsam og gjemeinsleg, naar det kom til stykke. Han la i veg med heile soga si til den lydande gamlingen. Og Loppa var kje den som sa nei takk til slike historier. Det var so lenge sidan han hadde høyrte andre en sine egne. –

Direktøren var Fredriksstad-gut, han, og hadde reist med sirkus fraa han var smaagut. Daa Enrico Martino braut halsen ned i Gøteborg, kjøpte han baade firmanamme og heile stasen etter han og drog vidare gjennom Sverige. Det var fyrste gongen han var her no.

– Loppa vart so han kunde søkke i jorda av sorg over den arme Henrik'en. Men det letna etter kvart. Det letna storleg, gjorde det!

Daa direktøren fortalde at han godt kjende namne hans gjennom gjetorde som gjekk um han, var det vondt for han aa sitja still i det vesle kontore. Han maatte upp og leda paa seg. Maatte ut i manegen ein tur. –

– Direktøren reiser seg og vert med. Det [93] er ljósare ut i telte no. Mange lampur blenkjer fraa take. Og kvasse tilrop og laatt og skjemt ljomar fraa alle krokar. Det er artistane som skal ha prøve. Og Loppa smiler til dei og kyter: Pene folk! seier han. Flinke gutter og gjenter!

– Direktøren blunkar til dei unge folka, og dei flokkar seg kring Loppa. Og han fortel kva for ein stor mann dei har millom seg. At det er den vidgjetne kuppelspringaren det har gaatt so mange fraasegner um, som gjestar dei. Og dei unge tar handa hans og ristar og smiler og dei helsar han i mange maal. Og Loppa smiler attende.

Ein tysk bajass med ei ølflaske under armen, byr han smaka. Og ei ung dame kjem med vin. Og Loppa kan kje seia imot. Han er ven med dei alle.

– Ein ung fyr sprett upp i trapetsen og set seg i fart og flyg gjennom rome. Han svingar seg rundt i armane, han slepper seg og gjer rundkast og kjem ned i trapetsen paa nytt. So heng han seg i beina og susar av stad. Loppa staar stiv. Tenk om han datt! seier det inn i han. Og han pustar fyrst fritt ut daa guten hoppar ned paa jorda og steller seg framfor han og spør um ikkje det var godt gjort. – Aa jo! Du var flink! seier Loppa. Men du veit jeg har set det bedre. – Gjenta som har skjenkt han vin, spring ^[94] ut i stallen og kjem inn att staa'ande paa ein kvit hest. Ho ropar og smattar for aa faa fart, med' ho dansar paa hesteryggen. Ei onnor gjente tar tilsprang og bykser med eit hopp upp til henne, og ho kliv uppetter til ho staar paa akslene hennar. Og alle dei andre smattar og skrik, og hesten flyg fortare og fortare.

– Loppa kan snaudt staa roleg. Han ser i take og paa benkjerekkjune, ser alle andre stader, berre ikkje paa dei to kvinande unggjentune som stormar rundt, rundt. Men daa dei staar framfor han og vil ha ros, seier han berre: Det var naa ingenting mot 'a Elvira Madigan, likevel! Det var gjente som kunde holde ballansen! –

Og det hjelper ikkje kva dei finn paa: Han har set det betre. Ja, til slutt spurtar han og stirer svivyrdsleg upp i take: Det er 'ke høit til topps her! seier han. Men dom trenger det vel ikke høiere naa for tida! Det er vel ingen som tør stupe sig ner fra en skikkelig kuppel, likevel! –

– Han triv ein trapets med baae hendene og krøkjer beina so han heng fritt. Men han slepper trast. Har vorte so raud i syne. – Han ser kje fliringa bak seg, daa han retter paa kragen. Han gaar burt til direktøren og nikkar mot alle remediene: Hadde ^[95] jeg havt trikot! seier han. Og hadde jeg vært i træning! – Ja jeg sier ikke mer!

Men dei andre flokkar seg kring han tettare en fyrr. Og dei tiggar og bed at han maa syne dei litt av kunstene sine. Dei vil so gjerne sjaa koss ein *retteleg* kunstnar arbeider! Ja, um det so er direktøren so vert han med i bønene. Han slaar Loppa paa aksla og bed han koma til dei. For daa skal han faa stor løn og all den ros han vil ha. Ja, han skal setja namne hans paa plakatane med dei største bokstavane som er aa uppdrive, og han skal lyse i alle blada. –

– Loppa ser kje kor moro direktøren har daa han snur seg. Han har nok med aa halde seg stiv so dei ikke forstaar gleda hans: Jeg kan jo freste! seier han. Det er jo 'ke verre en at jeg kan freste!

Og det vert stor glede i telte.

– Daa Loppa er ute av døra, smell laatten laus der inne. Men den laatten høyrer ikkje Loppa. Han gaar i djupe tankar: Næste sundag vilde dei han skulde byne. Berre han vart mjuk nok i kroppen til den tida! Aa jau. Det gjekk nok! – Han myser mot sola daa han kjem ut paa gata. So stanar han og talar til ei han liksom har framfor seg: Naa, min kjære madam Nilsen! Naa kommer snart turen til vors!

III.

[96] Dei skyna seg ikkje paa Loppa no um dagen, karane. Han var reint burtbytt guten. *Fyrr* kunde han daa baade gjøne og gjøle daa, naar ryggen ikkje var for galen. Men sjaa um du fekk ein smil av han no! Det var snaudt han sansa svara naar ein tala til han. Og *fekk* du eit svar, var det oftast burt i veggjene gale. Han gjekk i ørska, fyren! Dersom det ikkje var endaa verre. Han Anton Graabein svor paa at han hadde vorte sinnsjuk, han. For han vilde kje ein gong spele sveis um nætene. Men so gale trudde dei no ikkje likevel, dei andre. Han saag no all ting fraa verste sida, Graabein!

– Men ja menn var han rar, ja. Heldt seg ute mest heile dagen. Kvar han stakk seg av, skyna dei ikkje. Han gjekk ikkje ut porten, det saag dei fraa vindauga. Og ikkje var han i gardsrome, og ikkje i vedskjule! Han sokk lukt i jorda, Loppa! – Men la han vera der han vera vil! Han hoppar vel ikkje lenger en at han finn heim att! –

– So er det ein morgon. Karane sit gretne kring kaffiborde. Einast han Teodor Tull er ferdig og har tat paa vandring. Han gaar att og fram og tygg paa gummane og ristar paa hovude. Alt i eitt kastar han augo [97] burt paa Loppa, og nett daa han ser at han slaar siste kaffiskvetten paa skaala, stiltrar han ut. – Han smyg paa tærne ut gangen og lurar seg langs veggen under kjøkenvindaugo burt til roa ved søplekassa. Der hukar han seg i hop og vert sitjande.

Han slepper vente lenge. Ein gamling kjem ut paa trammen og vêrar mot

lufta. Og han skundar seg over gardsplassen til det tome vognskjule og smett inn der og dreg døra att etter seg. Daa reiser han seg, han Teodor Tull. Og no fniser han velnøgd. –

Han nemner ingen ting til dei andre, daa dei pratar seg i millom og undrast paa kvar Loppa er. Men han gliser fult. –

Like etter middagsmaten smyg han Teodor Tull seg inn i vognskjule. Men han dreg kje døra innaat etter seg. Best ho staar slik ho stod. –

Han staar i eit stort halvmyrkt rom med jordgolv. Paa eine veggen er ein glugge utan glas. Ein stige med sju-aatte trin er reist oppetter veggen til vinstre. Burt i eine roa ligg eit rote vognhjul, eit minne fraa den tida det var ein vognmann som aatte det huse der «Sorgenfri» no er. I ei onnor ro ligg ei firefem tomkassar i haug. Uppaa ei av kassune ligg ein madrass, ein slik dei brukar i sengjene i «Sorgenfri». Dette er alt som fins her inne.

[98] Han Teodor brukar ikkje lang tida til aa sjaa seg um og finne kvar han skal gøyme seg. Han hoppar burt i roa bak kassune og hukar seg ned der.

– Straks etter kjem Loppa. Han har festa ein hyssing paa innsida døra, og den viklar han kring ein spikar i veggen. Døra er læst. – Han staar litt til han vert van med halvmyrke her inne. So ser han seg um. Nei, ingen har vore her. Stigen staar der han sette han sist. Og madrassen ligg paa same staden.

Han retter seg og strekkjer armene i vøre og geispar. Geispar stort og inderleg. So tar han til aa klæ av seg. –

– Han Teodor Tull hadde kje tvila paa at det var underlege ting som gjekk fyre seg her inne. Men det han *no* fekk sjaa, var likevel meir en han hadde venta. Stod ikkje Loppa der og klædde av seg plagg for plagg, trøye og vest og styvlar og brok! La han ikkje madrassen midt paa golve og gav seg til aa klappe og glatte paa han, som um han hadde tenkt og gaa til kvile for ei tid! Jau det var visseleg sant som han sa, Graabein: Han *var* tullut, Loppa! Stakkars mann!

Kva er det han rotar etter inn i, madrassen tru? Er det kje eit par skor han dreg fram, og ein raud tull? Ja, den som visste kvar dette skulde ende!

[99] – Loppa set seg paa madrassen og dreg paa seg turnskone. So rullar han upp den raude tullen og held han upp for augo og ser kjærleg paa han. – Og so gir han seg til aa krype inn i trikoten! –

– Han Teodor Tull har alltid havt stor vyrdnad for Loppa. Dei hundre sogune

fraa verda den vide har lagt ein eigen straaleglans kring panna hans. Men so stor har han no aldri synt seg, likevel! Ein kunde daa flire av han elles, og gjera narr, naar han smurde *vel* tjukt paa. Men han kjende inga trong til aa fnise no, nei. Han kunde berre storglana. –

Det er ein ny mann, han som staar der burt ved madrassen. Rett nok minner han *noko* um den gamlingen som smaug seg inn og læste døra. Andlite er det same, og det graae haare og den bøygde ryggen. Men han der burte er ingen fatigstakkar i bømte vømmelsklæde, han! Han er ein prins, er han, ein eventyrprins som har villa seg inn her. Han er klædd i stramt-sitjande gloraude klæde med blaatt silkebelte kring live og med gull og sylv innvove over bryst og rygg. – Merkeleg at slik stas kan finne veg til eit tomt vognskjul i ei skiten bakgate!

– Loppa glattar nedetter mage og laar med handflatane. So gir han seg til aa gaa rundt i rome, smilande og bukkande. –

[100] Det er tusen augo som stirer paa han no, der han gjer sin runde i manegen. I losje og parkett sit offiserar og unge rikmenn med sine damur. Og damune klemmer kikkerten godt inn aat augo og set seg makeleg til rette i stolane. Maa sjaa vel paa denne vakre kroppen med kvar muskel synberr gjennom trikoten.

– Upp i radene sit det breie, rolege publikum, men høgt der upp under take, paa gallerie, staar skuggelue-gutane og gjentune deira. Dei tøygjer seg over rekkverke og viftar og skrik og trampar. Og Loppa gjer ein serleg djup bukk for dei. – For dei der uppe er likevel dei han set mest pris paa. Dei er dei snaraste til aa klappe. –

– Han Teodor Tull har krope ihop i roa. Men han har likevel fylgt Loppa steg for steg med augo. Og han har set *noko* som gjer at han atter tør dra paa smilebande. Ho er kje nett so fin som ho blenkjer til, denne uniforma. Han saag det so tydeleg daa Loppa gjekk like framum han. Det var mange store hol i ho, eit digert paa magen og fem seks paa ryggen, og nedetter eine laare gjekk ei lang flengje. Og det var kje fritt for at det var skrukkut og falma silkebelte og. –

Men Loppa har stana burt ved madrassen. Han bukkar ein gong til for publikum. Og so byner kunstene.

– Han Teodor er kje god til aa sitja [101] roleg no. Han reiser seg og ofrar ikkje

ein tanke paa at han bør ta seg i vare. No gjeld det aa glana med alle dei augo ein har. For slikt som dette ser ein ikkje kvar dag!

– Der burte stuper Loppa kraake paa madrassen! Det gaar kje so rart i fyrsten, han greier ikkje aa spenne seg heilt over. Men etter kvart vert kroppen mjukare og sterkare, det gaar lettare og fortare. So snart han kjem ned paa ryggen kastar han seg rundt og spenner seg til vers att. Og det er svært sjeldan han tumlar rundt paa sida. –

– Han er ferdig med dette nummere. Han reiser seg og bukkar og tar i mot hylling. So kviler han ei lang stund. Det har leita fælt paa han, han pustar tungt og fort, og han lyt turke sveiten. Men publikum ventar! Det er fleire nummer paa programme! Han gaar bakover heilt til han støyter ryggen i døra, og der staar han ferdig til sprang mot madrassen. Men det er visst eitkvart som hefter. Han tar tilsprang eit par gonger, men hiver seg til side naar det gjeld. *Tør* ikkje! – Han slengjer seg ned paa madrassen og ligg og kviler. Og det stig ein sukk upp fraa bryste hans: Han greier det ikkje! Aldri i verda greier han det! Han kan klæ paa seg vømmelsfillune og gaa inn og leggje seg, kan han! Kan gaa inn i «Sorgenfri» og leggje seg! –

[102] – Men eit bil etter er han i arbeid paa nytt. Endaa ein gong staar han ved døra, og endaa ein gong hiver han seg til side. Men daa er det og slutt med rædsla. No stig *sinne* upp i han. Og han bit i hop tennene og knyter nevene og tar tilsprang – og hiver seg rundt. –

Det gjekk kje so reint verst. Han er litt tumlen i hovude daa han finn seg att liggjande paa ryggen paa madrassen. Men det gir seg snart. Han kjenner ingenting daa han kjem paa beina. Og no har han mist alt som ræddhug heiter, no gjer han sprange upp att gong paa gong. Og naar han *no* set seg til aa kvile, kjenner han inga trong til aa klæ paa seg og gaa inn til *gamlingane*.

Aa ja. Dei kan gjerne klappe dei der uppe! Han fortener klapp! Han er enno den same han alltid har vore. Den makelause, modige Loppa! Den vidgjetne, ugløymande «Loppa med dødssprange». –

Men han er ikkje ferdig med dette. Det vil ha meir, publikum. Og han har aldri vore knuslut. –

– Han gaar burt til stigen og kjenner etter at han staar stødt inn til veggen. – Og so gir han seg til aa klatre oppetter. Han snur seg paa eit av dei øvste stega.

Der, langt, langt nedunder han ligg manegen med vassrenna tvers over. Og no tegjer musikken. [103] No stirer alle dei tusen augo upp mot han, upp mot den einslege vesle mannen upp under kuppelen. Han som staar og viftar ned til dei og smiler. –

– Men kva er det som gaar av han no, tru? Vaagar han ikkje sprange? Er han svimren vorten, etter som han grip tak i stigen med baae hender og krøkjer seg saman? Er han feig, stymparen? Det stig eit brøl mot han fraa tusen strupar, dei fine herrane lytter stokkane og damune fniser og gallerie trampar og pip. Ja, damune fniser! Han høyrer tydeleg fnisinga hit upp. – Er dette den makelause Loppa? Er kje dette berre ein usling av ein gamling som staar og skjelv? – Loppa retter seg att. Vert sterk og modig. Det er fyrste gongen nokon har fnist aat han under arbeide! Og det vil han ikkje tole! Skal stoppe desse munnane!

– All svimringa er av han. Han ser ned i avgrunnen utan rædsle. Kald og roleg. Og so fiktar han med armane og kastar seg rundt.

– Daa Loppa atter slaar augo upp, ser han eit andlit tett innpaa sitt. Eit bleikt, forskræmt andlit.

– Aa er det om aa gjøra naa, Teodor? spør han. Ettersom du vekker mig midt paa natta! Han Teodor sluttar aa ruske i han: Gudskjelov [104] at du vaakna att! seier han. Jeg trudde du hadde sovna for evig naa, Petter Loppa! Daa ser Loppa paa han ein augneblink.

Og deretter ser han kringum seg, paa gluggen og den velta stigen ved sida av seg, paa alt.

Og han forstaar. –

Han gøymer augo bak lóka. Det er som um han helst vil søkkje inn i svime att. Men han Teodor ruskar i han, let han ikkje røme: Vaakner du ikke naa, saa flyer jeg inn erter hjelp! trugar han. Og det hjelper. –

Loppa prøver reise seg, men ryggen verker slik at han maa ned paa madrassen att. Og han Teodor lyt ta hand i hanke. Han kastar av han turnskone og vrengjer av han den tronge trikoten. Rett nok vert det endaa fleire hol i han, og rett nok riv han silkesløyfa av under stræve. Men Loppa seier ingenting, let seg handtere som eit baan.

Det er fyrst naar han sit fullt paaklædd i sin vanlege bunad at han opnar

munnen: Har du – har du vært her lenge? spør han. Han talar laagt og ser kje paa den han talar til.

– Hele tida! nikkar han Teodor. – Jeg var her før du kom. Og jeg har set alt samma! Daa spør ikkje Loppa meir. –

– Straks etter gaar to gamlingar over gardsplassen. Den eine har vondt for aa gaa og maa kvile for mest kvart steg. Den andre held han under armane og styd han. –

[105] – Men jøss, aa er det i veien med Loppa? spør Graabein, daa dei kjem dragsande inn døra. – Har 'n slaatt fasonen av sig?

– Han Teodor hjelper Loppa til senga: Det var ei vogn! seier han. – Det var ei brødvogn som kjørte paa 'n. Hjælp mig aa faa klædd av 'n naa, saa 'n faar lagt sig. Men det er 'ke verdt aa nevne no'n ting til madamen! –

IV.

Nokre dagar etter.

Loppa ligg til sengs. Har lege sidan den eftan ut i vognskjule. Men han kjenner seg snart frisk att. Kunde vel gjerne staa upp i dag. Men det hastar ikkje. Han kjem tidsnok upp. –

Aa ja, aa ja, san! Der gaar dei andre og stullar kvar med sitt. Dei kan kose seg og ta det med ro. Dei har ingenting aa tenkje paa. Dei har sikra seg for livetida. –

– Han kan kje forstaa det som har hendt no i det siste. Han har visst havt rett i det, Graabein, at han har vore galen ei rid. Elles har vel ryggen óg havt litt av skulda. Hadde *han* vore som elles og verka og plaaga, daa hadde det kje hendt korkje det upp i sirkustelte eller det ut i vognskjule. For det *var* no ein gong slik med han: Han *tolde* kje [106] vera frisk. For daa fann han alltid paa einkvar galenskapen.

– Det var elles ikkje det verste korkje det som hende der uppe, eller det som hende der ute. At ein flokk ungdom heldt ein gamal krok for narr – som han no skyna dei hadde gjort – var kje noko aa ta seg dauden av. Og at han sjølv gjorde seg til spetakkell der ute – det hadde heller ikkje større paa seg. Han hadde berre godt av aa kjenne litt ryggvondt. Men det som var det faarlege, det var det som hende *etter* han hadde vore paa sirkus, og *fjurr* han gjekk til vognskjule. Det var

det som gjorde at han no laag rædd og kaldsveitt. Det var det som gjorde at han no kraup saman og gjorde seg liten i senga, berre han hørde fotslag i gangen.

– Madamen hadde møtt han i gardsrome med same han kom fraa sirkus. Og ho hadde vore likso blid som um morgonen: Er De der? hadde ho sagt. Se her, ta naa denna krona da! Og la oss vera like gode venner! Men *daa* var det at han hivde krona i syne paa ho att og sa desse orda: Det nytter ikke aassen De kryper naa, madam Nilsen! Naa er det for seint! Naa har De bare aa finne fram tøie mitt og alt det jeg eier, for neste lørdag fløtter jeg! Jeg har nettopp vært ute og leidd hus! Og jeg skal 'ke trenge hverken Dere eller fattigkassa heretter.

[107] Og *daa* var det at ho vart stram i andiite og nikka og sa at han turvte kje vera rædd! Ho skulde nok faa det ferdig paa dagen!

– Ja, slik var det det gjekk fyre seg. Og i dag var dagen. I dag var laurdagen!

– No stod det vel pakka og ferdig ut i gangen no, tye hans. Og no kom ho vel snart madamen, og sa at alt var i stand. At det berre vanta aa hente vogn. For han greidde vel ikkje bera kufferten. –

– Herregud! Berre han torde be henne gløyme! Berre han torde fortelja henne kor galen han hadde vore! Men det nyttar vel ingenting, lenger. Han er gjerne alt burttinga, plassen hans. Til natta ligg det kan hende ein annan gamling i denne senga – ein som vil vera glad og takksam for plassen. Aa ja. Ikkje meir en rett, at det gaar slik. –

– Men ho kunde *daa* la han faa vera nokre faa dagar i minsto. Naar ho saag han var sjuk. Forresten. – Det var inga hjelp i det. Det gjorde det same anten han døydde aatte dagar tidlegare eller aarte dagar seinare. –

– So rare dei andre er i dag. So høgtidlege liksom. Har tat paa seg det beste dei eig, som um det skulde vera helg. Aa ja. Dei har høyrte det som fyre staar, truleg. Og vil seia pent farvel. – Men dei kunde *daa* gjerne tala eit par ord til han. Turvte *daa* ikkje nett staa der burt ved vindauga og [108] kviskre seg imillom og kaste augo paa han alt i eitt. Det var synd aa glede seg over ulukka aat ein annan. Men det var kje sikkert han hadde fortent det likare. Hadde kje alltid vore hyggjeleg, han heller. Iser ikkje i det siste. –

– Det høyrest steg ut i gangen, og Loppa tar til aa smaaskjelve. Det er madam Nilsen og tenestgjenta som kjem siglande inn. Madamen ber eit stort brett med mugge og koppar og kakevase full av wienerbrød og kveitebollar. Og gjenta ber

ein skinande kvit duk som ho breier paa borde, og ei pakke ho legg paa ein av stolane.

Versaagod alle sammen! seier madamen, og nikkar mot flokken ved vindauga og mot han i senga: Set Dere naa og ta en kopp sjokolade og litt hvetebrød! Og gaa naa bort og gratuler gebursdag-barne!

– Og no snur alle seg mot Loppa, som sit uppreist i senga, ferdig til aa ta imot støyten. Og no smiler dei til han alle og nikkar: Gratulerer Loppa! seier dei i munnen paa kvarandre. – Gratulerer med di 70 aara!

– Og madamen set seg paa sengekanten og tar eine handa hans millom baee sine: De har vel ikke glømt at det er den 27. august? smiler ho.

Ja, ja, gratulerer, kjære Pettersen! Gud gi at De maa opleva mange gebursdager her hos oss i «Sorgenfri»!

[109] – Loppa ser tenestgjenta tar to tjukke ulltrøyer ut av pakka og legg dei burt til han. Men so ser han ikkje meir. Det vert so uklaart for augo. Det er som eit vaatt slør legg seg over dei. Han prøver takke, men faar kje ord fram, lippune vil ikkje lyde. Men han klemmer den handa som held hans. Klemmer hardt og lenge. –

– Straks etter sit dei kring borde alle. Loppa har og kara seg upp no.

– Hu' er 'ke saa verst likevel, madamen! seier Graabein. Han sit ferdig til aa dytte eit heilt kveitebrød inn i gape.

Verst? svarar Loppa. Hu' er det snilleste menneske i hele verda, er 'a. Det har naa jeg sagt bestandig! –

FADERGLEDE

Han Anton Graabein tar eit grepatak i islendingen som ligg i skrukkur nedover bryste: Er det no nytt i blade i dag? spør han. Les høit da vel, Dikter!

– Han plar koma med dette spursmaale og denne bøna kvar morgon, Graabein. Men dei likar helst aa lesa blade i ro, gamlingane. Kvar i si kraa, kvar etter sin tur. Det er fyrst langt paa dagen dei er so vidt komne, at dei tar til aa ordskiftast um dagsens nytt. Og det er fyrst *daa* det fell nokre smulur av til

Graabein, det er fyrst *daa* han kan faa ei teft av det som rører seg utanfor desse fire veggjene. –

[112] Men i dag faar han svar straks. Julstrup, som har lagt seg nedpaa med blade etter frukosten, ris halvt opp i senga: Nytt? seier han. Ja, det staar noe her, som du kanskje kan ha moro av aa høre! Og han gir seg til aa lesa ei lita soge um eit par stolne damestyvlar. Ei lita soge som sluttar slik: «Som mistænkt for tyveriet er anholdt en flere gange tidligere straffet person ved navn Even Marius Antonsen. Men han nægter bestemt at være skyldig.»

– Dei vert so stille under dette, dei andre. Finn seg eitkvart aa tukle med, men ser ikkje upp. Berre Diktaren lest som inkje. Han driv paa med aa lesa høgt. No er han komen inn i ei ny soge, denne gongen um ein lypsk hest ned ved bryggjune. Men den soga kjem han aldri til endes med. For det kjem ein og riv blade or hendene paa han, det kjem ein og lyfter han upp fraa senga og ristar han, det kjem ein og ber han paa stive armar over golve og opnar døra og slepper han ned utanfor. –

Og den som gjer dette er han Anton Graabein!

– Han ser seg rundt, *daa* han er ferdig. Ser paa Konsulen og han Teodor Tull, ser paa Loppa og han Henrik i senga. Men ingen av dei merkar det. Puslar kvar med sitt. –

[113] Daa brummar han Anton Graabein. Daa han gaar forbi han Teodor Tull, dultar han til han, so han kjem ut av bane. – So gaar han til vindauga og staar og ser ut. Og *daa* han langt um lenge snur seg att, er rome tomt. Berre han Henrik har ikkje kome seg ut. Han ligg i senga og lest sova. –

Det er stilt lenge. Han har breidd seg godt ned, han Henrik. Men han lyder so vel etter han som fer att og fram. Um ei stund gir dei seg, dei iltre fotslaga, og han Henrik glytter litt paa det eine auga. Han skimtar koss Graabein kryp paa magen under senga etter blade, og koss han reiser seg og gaar mot hans seng, *daa han* finn det.

– Du faar lesa detta tøyse for mig du, Henrik! seier han. Jeg var 'ke god til aa fatte aa 'n sa, han andre! –

Og han Henrik les og Graabein lyder etter, still. Det er fyrst *daa* han kjem til slutten av soga, at han gjer ein merknad: «Nægter bestemt at være skyldig,» hermer han. Der hører du, Henrik! Gutten er uskyldig han! Det elendige pakke,

det politie!

Men han Henrik kan kje nett vera einig i dette: Dom negter alle, veit du, legg han sagtmodig i mot. – En kan ikke høre etter det!

– Men daa klemmer Graabein han hardt kring handlede: Ti still! byd han. Sønnen min juger aldri! Ikke no mere prat om den tingen!

[114] – Han Anton Graabein hadde aldri vore lett aa umgaa'ast, det skulde vera visst! Naar sant skulde seiast, var han ei stadig plaage for dei han budde i rom med. Det var kje fritt for at dei kvar i sitt stille sinn hadde ynskt at han skulde stryke med, den gongen han laag i lungebrand i vaar. Men Graabein var kje av dei som gjorde slik folk *ynskte* han, nei. Han *stod* sjukdomen og var no friskare en nokosinne. Og di sterkare han var, di verre vart han aa ha med aa gjera. Han skrelte i dører og trampa i golv, utan tanke paa anten det var dag eller kveld. Men gud naade den som gjekk hardt i ei dør, naar han hadde lagt seg nedpaa for aa faa ein blund! –

– Hadde han vore lei fyrr, var han reint umogeleg no. Etter den morgonen med blade, gjekk han som ein olm stut millom sengjene. Ja, dei vart for stutte *dagane* óg no, til banninga og levne. Han laut ta *natta* til hjelp. Rett som det var fauk han upp og brumla og bar seg natters tider. Og han brydde seg ikkje det døyt um at dei andre var trøytt og bad han vera snild og halde fred.

Men han Henrik laag still og tolmodig. Han kom aldri med sure ord um at han var trøytt og trong svevn. Han berre lydde etter dei orda sinnataggen støytt or seg. Og han ynskte so saart aa faa tala eit trøystens ord til stakkaren. For han forstod so inderleg vel at [115] han hadde det vondt no. Tenk for ein tung kross Vaarherre hadde lagt paa han, med aa gi han ein son som stelte seg slik! Ein fekk takke og prise, ein annan, som hadde sloppe ei slik byrde! –

– So er det ei natt at Graabein hiver teppe til sides og klaskar paa nakne bein burt til han Henrik: Du! kviskrar han. Hør her, Henrik!

– Han Henrik skvett til og ser kven han har fyre seg: Er det no' om aa gjøra, Anton? spør han.

Graabein hyssar og bed han vera var. Og han bøygjer seg ned til øyra hans: Har det staatt no i blade om det du veit? spør han. Han Henrik prøver vri seg unda den tunge kroppen som knukar han: Nei, det har 'ke staatt et ord siden! seier han.

Graabein ris upp att, letta: Du maa se etter hver dag, Henrik! bed han. Du maa lova mig det!

Han har meir han vil ha sagt, men det vert kje til noko. Han snur andlite vekk, men han Henrik vert var noko i augo hans som undrar han. Noko vaatt, blankt. Stakkars dig, Anton! glepp det or han. Du har det visst ikke for godt, kroken!

– Daa gir Graabein tapt. Daa let han det strøyme fritt, det som trengjer paa. Gøymer det skjeggute, skrukkute andlite bak ^[116] digre labbar og hikstar. Aa herre gud fader! let det millom hikstinga. Aa herre gud fader hjelpe den elendige, fattige gutten min!

– Dette er ei dyr stund for han Henrik. Det er noko heilagt han er vitne til. Han har alltid vore eit kristeleg menneskje, etter fatig raad, og heile live igjenom har han trutt det beste um sine medskapningar. Men at han nokon gong skulde faa høyre graat og jammer fraa denne munnen som sjeldan opna seg til anna en spott og banning, ja at han beint fram skulde timast den gleda aa høyre desse lippune sende bøner til himmelen, det hadde han enno aldri vaaga vone. – Han er sæl der han ligg, det er berre ein ting han ottast for: At han skal slutte for tidleg denne graaten. –

Utan rett aa vita av det, tar han til aa stryke stakkaren over haare, for aa trøyste: Du faar drive paa med aa be til Vaarherre! seier han. Da skal du nok se det retter sig alt sammen.

Men daa lyfter Graabein paa hovude: Aa sier du? spør han.

Han Henrik likar ikkje nett tonen, men han tar daa upp att dei vene orda sine. Men daa reiser han seg heilt upp, Graabein, og ser svivyrdsleg paa han i senga: Pass dine eigne saker du, gutten min! seier han. – Bry dig ikke med mig og mine! – Han seier kje ^[117] eit ord meir, men gaar stad og slengjer seg i si eiga knakande seng. –

– Men det saag ut til aa vera endaa verre med han, etter den natta. Han fann ingen stader ro. Gjekk ut og inn i dørene, tok turar burtetter gatune, sette seg i gardsrome og røykte pipe, men orka kje sitja roleg. Og det var uraad aa faa pipa til aa ryke. –

Men det var *ein* stad han ynskte setja seg. Det var paa sengekanten hans Henrik! Men det var det leie med det, at han var so furten han, etter den natta.

Og det var so vrangt aa faa seg ei lita stund aaleine med han og, so han kunde prøve faa han blid att! For anten sat Diktaren inne og jaug i hop noko paa papire. Eller so sat Loppa der og jaug *utan* papir. Det var reint utgjort for ein annan stakkar.

– Sant nok kunde han gi seg i trætte med dei og jaga dei paa dør. Men det var kje hyggjeleg det heller. For det hadde kje vore anna en uvenskap her no i det siste. Og det kan bli for mykje av all ting. –

Men *ein* efta steller det seg likevel slik at han og han Henrik vert aaleine. Og *daa* nyttar han høve til aa slengje seg ned paa den sengekanten han so lenge har lengta i mot.

Han Henrik seier ikkje eit ord. Lettar litt paa seg og leitar fram noko under hovudputa [118] og hiver det burt til han: Der! seier han. La mig naa ha ro!

– Graabein stirer raadlaus paa den avisen han har faatt til seg slengd: – Kan 'ke du vera saa inderlig snil aa lesa? bed han.

Men han Henrik legg seg godt til rette: Jeg *har* lest blade jeg! seier han. Les det sjøl du far, hvis det er noe du leiter etter!

– Graabein gjer ein braarykk, men temjer seg: Du faar lesa det, hvis det staar noe om sønnen min! tiggjar han. Du som er en kristen mann kan 'ke negte en stakkars far den tenesta!

– Og han Henrik greier ikkje staa for dette. Han leitar fram den vesle notisen um styvletjuven i blade i dag. Det er elles berre ei lita melding um at han hadde vore i nytt forhøyr, men at han negta like radt. «Men det vil nok ikke nytte ham,» skreiv blade, «for indicierne mot ham er meget stærke. Det vil visselig bli ham et par meget kostbare støvler.» –

Ut paa natta skvett heile lyden upp av ei beljing fraa senga til Graabein. Og dei uppskræmde gamlingane stirer dit skrike kjem fraa, og i graaljose skimtar dei koss Graabein hiver seg or senga og vert staa'ande frampaa golve og remje. Daa trivlar mange skjelvande hender etter fyrstikkur, og [119] daa klirrar det i lampeglas. Men so snart det gule ljose skjer i augo, gir ho seg, den stygge skrikinga. Og Graabein vaknar heilt. –

Han stryk seg over panna og stynjer. Og augo er stirande og rædde. Men dette varer berre ein augneblink. Han vert atter seg sjølv. Og han murrar daa han kryp i seng att, arg over at ein stakkar ikkje ein gong kan faa *drøyme* i fred lenger,

utan at heile hytta skal paa beina. –

Og straks etter er lampa sløkt att. Og det vert stilt i sengjene. –

– Daa smyg Graabein seg upp paa nytt. Og no lurar han seg burt til senga hans Henrik og vekkjer han. –

Det er raadlaust aa herme alt det som vart tala millom dei to den natta. Det er nok aa nemne at no var Graabein mjuk som eit baan, og la all si sorg og sut fram for han Henrik. Og no tagg han so ynkeleg um at han vilde be til Vaarherre um hjelp for sonen, so det fordømte, fæle politie ikkje fekk skada han. For han hadde drøymt so fæl ein draum no i denne natt. Han hadde vore til stades i retts-salen, daa domen fall over den arme krypen. Og han hadde set augo hans, daa han gjekk inn i sella si, gjekk inn til ei straff paa fem aar. Og han hadde faatt nokre ord kviskra inn i øyra sitt av syndaren, med same ^[120] han gjekk framum, nokre faa brennande ord: Dette er di skyld det, far! For det var du som fikk mig ut paa glatt-isen fra første!

Det var *dei* orda som fekk han til aa skrike. –

Og han Henrik laag tolmodig og lydde. Han trøysta som ei klok og kjærleg mor. Og han fekk ikkje vondord og spott for dei milde gudsorda sine, denne gongen. No sat syndaren der med bøygd nakke og nesta hender og tok i mot alt det han fekk, som syndarar *skal* gjera. Og han Henrik laut bruke heile sitt lager av bibelord fleire gonger, fyrr Graabein fall sopass til ro at han torde gaa burt og leggje seg. –

– Den natta gjorde Graabein ein heilag lovnad fyrr han sovna paa nytt: Etter denne dag skulde det bli andre greier! Vilde Vaarherre berre hjelpe han med guten, ja so skulde visst ingen i «Sorgenfri» faa noko aa klaga paa han heretter! –

Han heldt seg mest inne um dagen no, Graabein. Sat helst burtpaa sengekanten sin. Dei kom paa han eit par gonger han sat med ei uppslaatt salmebok framfor seg. Sant nok paastod Diktaren at han heldt boka oppned. Men det var daa ei kristeleg salmebok, likevel! Ho saag nok anleis ut den «salmeboka» Graabein hadde pusla med tidlegare.

^[121] – Og rimeleg og umgjengeleg var han elles og, karen. Kasta korkje eidar eller fantord kring seg. Og ikkje vart det stole tobaksbitar fraa nattbord-skuffane heller no, som so ofte fyrr. Og det raraste av alt var, at pennekniven til Loppa – den som vart burte for mest eit aar sidan – laag paa sin gamle plass i

bordskuffen ein morgon han vakna. –

– Og dagane gjekk. Den eine lik den andre. Og gamlingane gissa paa kor lenge det kunde vara, dette med Graabein. Var aldri heilt trygge for eit atterfall. Men han Henrik tvila ikkje. Han var inne i løyndomen. Og kvar natt hadde han og den nyumvende ein still time for seg sjølve, naar dei andre sov. –

Men endeleg kom ein dag med litt umskifte.

Han Henrik hadde lese blade sist av alle. Og han gøynde det under puta si, som han pla gjera. Men han var so uroleg og pratsam den formiddagen. Tala um vête, og tykte det var merkelegt at dei ikkje gjekk ut og sola seg, slik ein fin dag som i dag. Og han minnte dei um at det var reingjeringsdag óg, og daa visste dei daa at gjenta vilde ha armslag til arbeide sitt.

Men dei var kje til aa rikke fyrr etter middagsluren. Daa drog dei seg ut ein etter ^[122] ein. Og Graabein og han Henrik vart aaleine. –

Graabein skyna godt at noko sers var i gjerde i dag, og han var i stor spaning. Han tykte han Henrik var seinare en turvande med aa finne fram blade, men han vilde kje den vera at han var forviten. Sat roleg og saag til, med' den andre gjorde seg kostbar og opna blade høgtideleg og umstendeleg. –

– Langt um lenge har han Henrik faatt blade i dei rette brettane: Skal jeg lesa litt for dig? spør han. Han har so inderleg god tid. Graabein gjer seg likso sagtmodig i maale, han. Ein maa kje tru at han er nøgje paa ein halvtime eller to: Aa ja, *vil* du, svarar han. – Ellers kan det naa vera til en anden gang, veit du!

– Men han Henrik vantar kje *tid*. Det er kje slik aa forstaa. Han tar paa med lesinga so godt han kan. Les um brand og ulukkur, les um tjuveri og slagsmaal. Og Graabein sit med nesta hender og lyder. –

Men daa det har gaatt spalte upp og spalte ned ei lang stund, daa han Henrik vil snu og byne paa sida med lysingane, nei, daa greier han det ikkje lenger, Graabein. *Daa* grip han kring handlede hans Henrik og gløymer aa vera sagtmodig: Naa skal du ikke pine mig lenger! seier han. Naa skal du lesa det du veit!

^[123] – Det er likt til at det er noko slikt han Henrik har venta paa, for no smiler han: Ja, ja! seier han. Er du ikke fornøid med det jeg *har* lest, faar jeg by dig annen kost, da. Men da skal du versgod høre væl etter!

Og han har visst ingen grunn til aa klaga. Det har visst aldri sete ein meir uppmerksam mann framfor ein avis, en Graabein no, daa han Henrik les den vesle notisen:

«Den av os tidligere omtalte Even Marius Antonsen, som var arresteret som mistænkt for tyveri av et par damestøvler, blev igaar løsladt av arresten, da politiet nu har grepet en anden, som viser sig at være tyven.»

– Han Henrik er snaudt ferdig med siste orde, daa han vert gripen um live og lyft upp fraa senga av ein som gir seg til aa danse rundt i rome med han, ein som beljar og syng av full hals. Det nyttar ikkje at han bed for seg og minner um den sjuke magen, for Graabein har ingen tanke for slikt som veike magar i denne stund. Han berre svingar rundt, rundt, so lenge kreftene rekk. Daa dei endeleg er ende paa, legg han gamlingen varsamt ned paa senga og breier han ned heilt til nasen: Legg dig naa til aa sova, baane! seier han. For naa gaar jeg og han Anton Graabein ein tur i byen!

Og det er kje lenge fyrr døra smell etter han. –

[124] – Daa han kjem heim langt paa kveld, tar han styvlane av seg ut i gangen og stiltrar gjennom døra. Men han gaar kje like til si eiga seng, han lyt fyrst burtum han Henrik. Og han legg munnen tett inn til øyra hans: Naa har jeg vært hos sønn' min! kviskrar han. Hils gud og si takk! Fra i dag er jeg religiøs, jeg au! Det lovar jeg dig!

– Og han Henrik nikkar og prøver syne seg glad. Men han kjenner seg so tung i hugen likevel, so fatig og sviken liksom. For det kom slik ein stram tev av brennvin fraa den munnen som kviskra han i øyra. Han fekk inderleg vone at det berre var fall for ein dag. –

– Men morgonen etter vart det huskestue i rome med dei seks sengjene. Diktaren heldt leven for at ein heil femøres tobaksbit var stolen fraa daasen hans. Og Loppa dreiv og leita etter pennekniven att. – Men Graabein svor sine dyraste eidar paa at han var uskuldig. –

Noter:

[n1](#). *Forfatternote*: Ulltrøye.

[n2](#). *Forfatternote*: Bodsfengsle

Oskar Braatens *Sorgenfri* er lastet ned gratis fra bokselskap.no